

Svolder Av Per Sivle

Der låg attum Svolder øy på lur
ein skog av mastrer, av skrov ein mur;
sviakonungen, danadrotten,
og Eirik jarl var au i dotten.
For stødt der nordmenn lyt vera med
når Noregs merke skal hoggast ned.

Og Tryggveson visste kje ord av deim
Han kom ifrå Vindland og siglde heim,
på grepa skutor, men færre enn mange,
Og Olav sjølv styrde “Ormen lange”,
Og raustare menn en han hadde no
hev Noreg aldri sendt ut på sjo.

Dei seig um odden. Og då dei såg
den skog og mur som bak Svolder låg,
då ropa han Olav: “Lat segli falla!
Reddem det skal dei oss aldri kalla!
Og er dei tylfti mot ein - so visst
me treng dess mindre å skjota i mist!”

So bar det laust med det Svolder-slag
som dyn i vår saga den dag i dag,
Og daner og sviar hamla tilbake,
so snart dei fekk “Ormen”s tenner å smaka.
Men då so òg jarlen kom til med sin her,
vart broddebylgja “Ormen” for svær.

Og Tryggveson høgt i sin lyfting stod;
og ned-under brynja hans draup det blod.
Då sa han: “Til dauden er kvar mann saka,
Og levande skal dei meg aldri taka”.
So bykste han med sine menn ut-i havet,
Og fri som han levde, han sokk i si grav.

*Frå “Lesebok for ungdomsskulen” ved Lars
Eskeland og Severin Eskeland, fjerde opplaget,
1924. Sida 267.*



Slaget ved Svolder. Teikning av Peter Nicolai Arbo.

Vårt nordiske hopehav

Denne utgåva av bladet er hakket framskruva i høve til utgjevingsruta. Ein av bladmennene våre skal på utanlandsferd, og redaksjonen må difor avsluttast litt tidlegare enn det som elles var planlagt. Me ynskjer millom anna å gjera lesarane nyfikne på norsk saga, og me vonar at bladbunaden på framsida denne gongen kann kveikja i alle fall sume lesarar til å taka fram att Snorre. Snorre er sjølv beingrindi i saga vår. Elles er bladet mykje merkt av svenske bøker denne gongen. Sverige hev ein stor og spanande bokmarknad med billege bøker. Her hev me i Noreg mykje å læra. Tilgangen på bøker i vårt oljerike land er langt frå so stor som han burde vera. Ja til fleire bøker og større utval med billege bøker, vert maningsropet denne gongen.

I dette nummeret:

Kenneth Kiplesund:	Den radikale litteraturen	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Det politiske i målsaki	s. 3
Jan Hårstad:	Lyklar til samtidi	s. 4
Alex Kurbanov:	Peder Knudsen	s. 5
Thoralf Bergwitz:	Mediaspråket - “fikk betalt for”	s. 6
Olav Torheim:	Dei forsvara Pol Pot	s. 7
Lars Moe:	Det politisk korrekte Sverige	s. 10
Lars Bjarne Marøy:	Fyrste bandet i saga um slavehaldet - Part 2	s. 13
Lars-Toralf Storstrand:	Atlantis - mange meiningar	s. 15
Thoralf Bergwitz:	Var Tarjei Vesaas ein språkfornyar?	s. 15

Den radikale litteraturen

Av Kenneth Kiplesund

I 1960-åri feia ein ungdomsuppreist yver verdi, i Noreg med. Det vart protestert mot foreldregenerasjonen sin kultur og verdiane deira, og ikkje minst mot politikken. Dette opprøret kom i litteraturen med, og i denne artikkelen vil eg skriva um den norske radikale litteraturen som kom som ei fylgja av dette opprøret.

Profil-gruppa

Tusundtals unge strøymde på 1960-tallet til universiteti, og i denne flokken var det mange nye forfattarar. Det litterære opprøret hadde utspring i flokken kring det litterære studenttidsskriftet Profil. Dei som engasjerte seg her, er i dag kjende namn i norsk litteratur: Tor Åge Bringsværd, Jan Erik Vold, Dag Solstad, Tor Obrestad og Einar Økland.

Profil-gruppa kravde større rom for fantasien og den subjektive oppfatningi av verdi. Dei vilde eksperimentera med litteraturen og fornya honom. Dag Solstad skriv at i ein roman som hev noko han skulde ha sagt er kravet um objektiv "virkelighetssansynlighet" eliminert. Heile meningi ligg i verket: "Den omslutter hele sitt vesen i seg selv". Det gjeld difor å frigjera seg frå "sansynlighetens tvangstrøye". Han kjem med småe ymt til eit program for ein norsk modernisme. Han bør venda attende til folkediktingi og henta kveik frå eventyri, den norrønne mytologien og gamle visor og visjonsdikting - samstundes som han bør gjeva draumelivet ein større plass. Med andre ord: For Profilkrinsen var altså Draumkvædet meir moderne enn "ein Øverland, ein Skjæråsen", som Tor Obrestad kort og godt slær fast.

Revolusjonære forfattarar

Etter måten mange av dei radikale forfattarane engasjerte seg sterkt på vinstresida i norsk politikk, og store delar av norsk litteratur i 1970-åri hadde ein klår politisk tendens. Mange forfattarar var med i det maoistiske partiet AKP (m-l).

Tri namn er sentrale når me skal draga fram den norske revolusjonære litteraturen, som i medviti form kom i 1970: Espen Haavardsholm, Tor Obrestad og Dag Solstad. Deira oppfatning var at litteraturen laut tena arbeidarklassen, og diktingi skulde vera sosialrealistisk. Det vil segja at bøkene skulde skildra arbeidarar som kjempa mot kapitalismen, og fremja sosialismen. Desse romanane handla ofta um arbeidarar som kjempa for å få bukt med uverdige arbeidstilhøve.

Espen Haavardsholm

I 1971 skreiv Espen Haavardsholm novellesamlingi *Zink*. I nyktern, reportasjeprega stil freistar han å avdekkja makttilhøvi i det norske samfundet. I den fyrste novella vert Oslo Børs skildra, sjølve bygningen, og Haavardsholm hev den konklusjonen at: "det er ikke mulig å forandre noe i vårt land, før Oslo Børs er tatt bort". Tittel-novella tek fyre seg ei norsk verksemd der dei store avgjerdene vert tekne av folk på kontor i Paris og Stockholm.

Tor Obrestad

I 1970 kom *Den norske løve* av Tor Obrestad. Her stig han for fyrste gongen fram som målmedviten sosialist. Han skriv um "krigsmaskinen frå USA og NATO-Norge" at han: "er fortapt: Den har inga anna framtid enn å jamne med jorda det jorda har gitt: hus, fabrikkar, enger, insekt, menneske." Obrestad meiner at det trengst ei folkereising mot kapitalens herjingar. Byrjingi på dette såg Obrestad i den ulovlege streiken ved smelteverket i Sauda i 1970. Han enda med at arbeidarane fekk gjennom mange av kravi sine. I 1972 skreiv Obrestad ein roman um denne streiken: Sauda! Streik!

Dag Solstad

I 1971 kom den fyrste boki frå Dag Solstad si hand: Utviklingsromanen *Arild Asnes*, 1970. Her neittar den unge norske forfattaren Arild Asnes å lata seg harmonisera inn i eit umoralskt samfund. Han er i utgangspunktet ein småborgarleg "progressiv" med sosialistiske "sympatiar".

Han lærer seg noko um språk: Når han nærmar seg marxist-leninistane, vekker dei banale formene, dei einfelde setningane um klassekamp og monopolkapital og Mao sine geniale tankar berre avsky hjå honom. Men han lyt med kvart skrella av seg sine egne språkvanar og skyna at Mao sine tankar er einfelde og banale av di sanningi er einfeld og banal. Romanen endar med at han ringjer på ei dør for å selja Klassekampen. Denne romanen utløyste i si tid ein debatt som minna meir um politikk enn um litteratur.

Alle Solstad sine romanar er kritiske til samfundet. Ein kann på mange måtar lesa deim som kulturpessimistiske uttrykk. Hovudpersonane freistar å gjera seg medvitne um forfallet i samtidi, samstundes som dei freistar å finna ein annan ståstad og ei onnor, kann henda djupare, meining med tilværet. Ofta vert desse personene til slutt yvertydde kommunistar, etter å ha vurdert litt att og fram um dei skulde verta revolusjonære eller ikkje. Men i romanen *Gymnaslærer Pedersens beretning om den store politiske vekkelsen som har hjemsoekt vårt land*, tek Solstad ei morosam og ironisk oppgjerd med den rørsla han var med i.

Me hev sèt at ungdomsupprøret i 1968 skapte opprør innan litteraturen med. Studentane kring studenttidsskriftet Profil gjekk til åtak på den litteraturen som rådde grunnen då. Dei vilde ha meir rom for fantasi, og meinte at litteraturen laut fornyast. Andre forfattarar meinte at litteraturen skulde tena arbeidarklassen, fremja kommunismen og motverka kapitalismen.



Senter
mot

antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

Det politiske i målsaki

Av Lars Bjarne Marøy

Kvifor skal ein gjeva ut eit tidskrift som Målmannen, og det med den høgnorske rettskrivingi som bladet nyttar? Dette er eit spursmål som alltid melder seg for lesarar som er ukjende med målet og målsoga. Frå målrørsla eller meir kunnige lesarar reiser spursmåli seg gjerne med litt andre tilnærmingar. Kvifor hev til dømes Målmannen havt so mange artiklar um politiske spursmål, og det med skribentar der innfallsvinklane ofte vert assosierte med ein konservativ politisk ståstad?

Det siste spursmålet er nok meir samansett enn det fyrste, men dei heng nok i hop.

Skal ein verta klokare, må ein sjå attende på soga. I andre land som det kunde vera naturleg å jamføra seg med, hev det jamnast vore eit eige kulturberande lag som vakta um skriftkulturen. Men i Noreg vart adelen vatna ut av danske og tyske tilflytjarar, og det kulturberande sjiktet i Noreg vart knytt til dansk mål.

Då målrørsla stod fram på 1800-talet, var det bondestanden som kunde knyta opphavet sitt attyver gjennom det norske målet. Dette hev vorte nynorskens lagnad. Det norske målet hev vorte knytt til bygde-Noreg - og med det til dei oppgangs- og nedgangstidene som bygde-Noreg hev havt. Dinstev hev mange leidande aktivistar i målrørsla aktivisert seg på vinstresida i politikken.

Den typiske målmannen skulde ikkje vera for rik og han skulde ikkje vera for sterkt uppteke av finkultur - og det hev mest vore ei norm at det ikkje skulde vera moglegt å laga til ei gruppering som skulde stå i opposisjon til desse ideali og til dei vinstre radikale straumdrag i målrørsla.

Det finst naturleg nok målfolk i Noreg som ikkje er vinstre radikale, som til dømes Hallgrim Berg, og det finst aktive kristenfolk som nyttar nynorsk, som til dømes Karl Johan Hallaråker, men dei er einslege svalor. Det var soleis eit vendepunkt for bladet vårt då me strama opp profilen i 2005. Kvifor me hev kome fram til den profilen me hev no, er nok samansett. Men det stuttaste svaret er av di det mest ikkje er nokon andre som stend for dei sypsmåtane me ynskjer å fremja.

Ei meir forvitneleg tilnærming er nok å leggja vinn på at det som vantar i målrørsla er ei sterk gruppering av medvitne skribentar som arbeider for å breida ut ei nynorsk rettskriving gjennom umfemnande skribentverksemd - ikkje berre knytt til målspursmål, men til dei mest mangslungne emne elles.

Dei nynorske akademikarane er lite

samordna og lite medvitne målfolk - jamført med skribentar som kann knytast upp til riksmålrørsla. Nynorskfolk hev vorte opplærde med at målet i stor mun er eit personlegt uttrykk for talemålet og ikkje knytt til ein litteratur og ei soga.

Serleg må ein kunna segja at denne utglidingi må ha gjenge fyre seg dei seinste 30-40 åri. Aldri fyrr hev det kome upp so mange ulike personlege rettskrivingar - samstundes som den offisielle rettskrivingi og mykje av det som vert skrive på nynorsk held seg i ei etter måten standardisert bokmålsnær leid med millom anna fylgjerett e-infinitiv.

I utgangspunktet skulde ein tru at då store mengder ungdomar på 1960- og 1970-talet reiste frå bygdene til byane og tok utdanning, so kom nynorsken til å standa sterkare. Men det paradoksale er at nynorsken som eit samlande og einskapleg mål stod langt sterkare um ein gjeng 70 år attende i tid. Det hjelper ikkje med datamaskinar og skriveføre folk som kann spreida informasjon yver heile verdi med eit tastetrykk, dersom ein vantar det viktugaste: eit mål som ein hev sams og som ein er byrg av og som ein vil arbeida og slita for å læra meir av og jamvel læra burt til andre.

Då dei fyrste akademikarane byrja å taka nynorsken i bruk, var dei og venene deira nyfikne på korleis målet fungerte i praksis. Dei vilde lesa bøkene åt kvarandre og studera korleis dei la fram faget sitt og kva ord og ordlag dei nytta. Dei skjønner litterære forfattarane la tyngd i å ordleggja seg so norskt som råd, med sernorsk setningsbyggnad og sernorsk stil. Jamvel dei som ikkje hadde vit eller evna til å halda fylgje med dei hine respekterte dette. Dei hadde vurdnad for dei som var kunnige.

I dag derimot hev dei ukunnige vorte dei leidande. Me høyrer um folk som ikkje skynar sermerkte norske ord. Leidande mediefolk frå nynorskdistrikt kann koma til å insistera på retten til å nytta bokmålsord og bokmålsvarianten av eit ord.

Ein må spyrja seg kva slags lesnad dei nynorske skribentane og opplesarane i vår tid er vortne oppfostra med. Kor som er so vil me ikkje døma nokon. Me ynskjer derimot å byggja upp våre eigne skribentar - dei høgnorske. Me vil ha eit toppsjikt av målfolk som ikkje treng vera sjølvlærde, og som gjerne kann ha sans for og gleda av finkultur. Og me vil gjerne kveikja til at det kjem fram fleire målfolk som vågar segja at dei stend for noko anna enn det som dei vinstre radikale gjer.

Kvifor vil me det? Jau, av di me vil hindra at me sit att med målfolk som sutrar yver at bygdeungdomen hev tapt målføret sitt av di

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktør-
plakaten.l*


dei reiste til byen. Me vil ha målbrukarar som lærer seg meir nynorsk med di dei studerer målet og samanhengen i målet, og gjerne saman med andre som vil lære seg meir um målet. Me vil ha språkbrukarar som godtek rettskrivingsreglane i Aasen-målet av di dei er vituge, helder enn å laga sin eigen nynorsknormal som alle andre må lære seg. Me vil ha målbrukarar som ser si æra i å læra seg sernorske ord og ordlag i daglegt umgjeunge med det norske målet.

Gåvelista

Sidan sist hev Målmannen fenge gåvor frå desse tingarane: Senter mot antisemittisme, 2000 kr, Norman Black, USA, 590 kr, Robert K. Anderson, Hylland, 450 kr, Ranveig Nordhagen, Oslo, 350 kr, Per Inge Bale, Øvre Årdal, 250 kr, Christen Krogvig, Oslo, 250 kr, Thor Helge Langsholt, Oslo, 200 kr, Edit Bøe, Bøverbru, 150 kr, Arnold Lund, Sandnes, 150 kr, Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 150 kr, Magne Myhra, Voss, 150 kr, John Kibsgaard, Fiskarstrand, 100 kr, Bjarne Målsnes, Kokstad, 100 kr, Arild Løvestad, Sverike, 100 kr, Bjarte Runderheim, Gol, 100 kr, Lars Moe, Oslo, 100 kr, Odd Arild Vik, Leikanger, 85 kr, Tormod Ropeid, Askim, 50 kr, John Ole Askedal, Oslo, 50 kr, Dag Gundersen, Oslo, 50 kr, Kristian Endestad, Førde, 50 kr, Olav Fure, Hareid, 50 kr, Øivind Jakobsen, Hauge-sund, 50 kr, Torvid M. Edvardsen, Polen, 50 kr. I alt 5625 kr. Målmannen takkar.

Lyklar til samtidi

Av Jan Hårstad



Nylegt kunde ein lesa at Dick Cheney i USA hadde kalla inn redaktørar og mediaeigarar til eit møte der han bad um at dei laut starta ein kampanje mot Iran i avisar og tv.

Dette syner til det faktum at slik som informasjonsteknologien hev utvikla seg, er krigen i media vorten ein like viktug part som den røynelege krigen. Difor hev alle store statar skipa eigne departement som steller med Info-war og Deception.

Då Balkankrigane rasa tidlegt på 1990-tallet, var ikkje dette med internet enno vorte folkeeiga som det er i dag. Informasjonen den gongen låg i hendene på dei store internasjonale TV-selskapi som atter ein gong fekk mykje tilfang frå PR-byrå som var leigde for å marknadsføra krigsmytologi. Eit av dei sentrale prosjekti var å framstella serbarar som ein type nazistar og muslimar som ein ny variant av den tynte jøden.



I ettertid er då ogso dette vorte ståande som "sanningi" um kva som i all hovudsak skjedde på Balkan. Ein av de få tingi som kann gjeva ein viss kveik i denne merkelege verdi me hev no, er at det finst folk som hev djupe pasjonar for sanningi og som vil til botnar i tingi. Her hev det då kome tri bøker som eg vil hævda er umissande lyklar til å skyna kva som skjer i Europa i dag. Eg hev ikkje sett nokon av desse bøkene melde i nokor norsk avis, og grunnen til dette kann vera so einfeld som at dei framfører kunnskap som ikkje i det heile høver inn i dei politisk korrekte sitt verdsbilæte.

Den muslimske presidenten i Bosnia, Izetbegovics, var en av Europa sine aller fyrste khomeinistar, og ikkje fyrr hadde kri-

gen brote ut på Balkan i 1992, fyrr Izetbegovics opna for at Al-Qaida kunde sende inn på Balkan ein stad millom 6000 og 7000 jihadistar. Njosnareksperten (etterretningseksperten) Evan Kohlmann si bok *Al-Qaida's Jihad in Europe* frå 2004 var det aller fyrste store verket som i detalj gjorde greida for korleides livet ovra seg millom mujahedins i Kosovo, Albania og Bosnia. Sjølv hadde eg skrivne ei mengd artiklar um Balkan, men dette var ei ny verd for meg.

Den neste boki eg las um utviklingi av dette temaet kom i 2007: Christopher Deliso: *The Coming Balkan Caliphate*, som handlar um korleides ulike islamistiske rørslor og islamske statar so som Iran, Saudi-Arabia og Tyrkia utnyttar den turbulens og det uavklåra maktvakuemet på Balkan til å gjera sin innverknad gjeldande. Med grundig dokumentasjon gjer Deliso greida for samspelet millom lokale islamistar og deira sponsorar i utlandet, um korleides dei internasjonale jihadistane freistar finna seg nisjar og basar yver heile Balkan og korleides desse fører krig mot tradisjonell balkansk islam. Dette er òg eit stort verk, men det kunde ha vore litt stramare redigert.

Definitivt eit storverk er John R. Schindler si bok *Unholy Terror: Bosnia, Al-Qaida, and the rise of Global Jihad*, ogso frå 2007. Det vert fortel mykje um den ytringsfridom som framleis finst i sume miljø i USA at denne Schindler er professor of Strategy, US Naval War College, noko som ikkje hindrar honom frå å knusa den eine myten etter hin til pinn-aved. Med gru fann han ut at USA gav grønt ljøs til at Iran kunde ganga inn og hjelpa



Izetbegovics med krigføringi og draga med seg Hizbollah-instruktørar frå Libanon utan at CIA-folki på Balkan var informerte um det. Det var National Security-deildi sine folk som stod for opprusting av muslimane medan Bill Clinton sin offisielle politikk var Dei sameinte nasjonane sin våpenembargo.

I dette arbeidet er Schindler vorten skaka yver det han hev funne ut um den tegjande pressa og lygnindustrien attum henne, og ikkje minst Izetbegovics sine iscenesette "tragediar" som råka hans eigne. I alle desse nemnde bøkene flyt det ein uroleg, døkk undertekst av di det som hev skjedd på Balkan - og skjer - er åt å draga seg inn i det sentrale Europa. Herrane dokumenterar at Balkan-krigane spela same rolla for Europa som Afghanistan for Sentral-Asia: det vart eit treningssenter og ein utklekkjingsanstalt for ein heilt ny ættled jihadistar som etter krigane der slo seg ned i Milano, Wien, Marseille, Lyon etc med det målet å halda fram sin Jihad. Kvar einaste terrorist med eige bosnisk pass.

Desse nemnde bøkene er då alto ikkje berre viktuge for å skyna kva som skjedde under Balkankrigen, men heilt naudsynte for å skyna kva slags teknikk og kva slags metodar jihadistane arbeider med for å destabilisere Europa endå meir i dag. Eg skulde tru at det vilde koma som ei yverrasking på mange korleides sokalla "velgjerdssinstitusjonar" vert nytta i dette spelet.

For alle sanningsøkjande og samtidsinteresserte menneske er denne litteraturen ikkje til å koma frå.


Peder Knudsen

Av Alex Kurbanov

Visste dykk at...

melodien til den ålment kjende og kjære jolesongen "Jeg er saa glad hver Julekveld", eller "Eg er so glad kvar jolekveld" (nr. 60 / 61 i Norsk Salme-Bok), var skrivi for nesten 150 år sidan av ein smålyndt komponist og organist frå Sunnmøre og faktisk gjorde honom landskjend?

Peder Knutson Bakke heitte han opphavleg, men vart kjend som Peder Knudsen - det var heilt vant på 1800-talet å bruka patronomiske millomnamn som etternamn, serleg i bymiljø - slik skulle det vera "finare" på denne tidi. Peder Knudsen som vart kalla "Ålesunds første organist", var fødd i 1819 "under garden" Goli på Vågå i Gudbrandsdalen der faren hans, Knut Bakke, var husmann og "byg-dasongar". Diverre finn ein altfor lite og sparsamt med informasjon um Knudsen - denne merkjelege figuren i norsk musikk frå den nasjonalromantiske perioden - på nettet og i andre kjeldor. I sine ungdomsår byrja Peder fyrst å læra til å vera skred-dar, men det musikalske talent hans tok yver - Peder var framifrå dugande på fele (og meina at fiolinen var hovudinstrumentet hans), seinare lærde han å spela endå fleire instrument, komponera musikk og dirigera (serleg då han var uppteken i militærmusikken i Christiania), ikkje minst å stemma og reparera klavér og orgel. Peder var kjend med sjølvaste Ole Bull (og fekk spela nokre gongar under hans leiing), også med den namngjetne kordirigenten og komponisten Johan Didrik Behrens (1820 - 1890). På råd frå Behrens vart den unge gudbrandsdølen tilsett som "musikar og songinstruktør" i Holmenstrand. Der hadde Peder vori i nokre år før 1854 då han flytta til Kragerø for å vera musikkinstruktør i byen. Han var både leiar og fyrstefiolinist i byens to kammerensemble, lærar i piano, songlærer ved Borgarskulen og instruktør for byens mannssongforening og blandakor. Han dreiv mykje med komponering sjølv og arrangering av verk som andre hadde komponert. Etter kvart vart Knudsens livsvilkår i Kragerø lite gjevande, han fekk seg både nære vener og sterke motstandarar, og etter fem harde år i Kragerø søkte han stilling som organist i Ålesund og fekk veldig positivt svar på søknaden sin. So kom han til Ålesund i mai 1859 for å vera organist der i



Peder Knudsen

den "gamle" Ålesund kyrkje som var vigsla i 1854 (og brann ned i den store bybrannen 50 år seinare).

Ovanfor sa eg at Knudsen var kalla "Ålesunds første organist", som ein også kann forstå heilt bokstavleg - Ålesunds kyrkja, etter opplysingar i "Norsk Orgelregister 1328 - 1992" av Stein Johannes Kolnes, hadde ikkje fått orgel i det heile i sine fyrste fem år, før 1859. Og det var akkurat i året 1859 då Knudsen kom til Ålesund at han fekk tonesetja diktet åt den unge på denne tidi (27 år gml.) forfattarinna frå Østre Toten, Inger Marie Lyche Wexelsen, eller berre Marie Wexelsen i daglegtale, - "Barnas Julesang" i ni vers som me alle kjenner i dag som "Jeg er saa glad hver Julekveld, thi da blev Jesus fød", etter den fyrste diktline. Etter opplysingar som Elin Huseby frå Bergens Offentlege Bibliotek gjev, fekk Knudsen høyra gjennom nokre av sine vener at Wexelsen hadde laga ei tekst som ho trong melodien til. Det var faktisk året før diktet til Wexelsen stod publisert for fyrste gong i 1860 i den andre barneboki hennar, "Ketil, en Julegave for de Smaa" (i alt gav ho ut tri barnebøker og mange fleire vaksnebøker, både dikt og prosa).

Elin Huseby skriv også at Wexelsen og Knudsen vart kjend med kvarandre og hadde havt eit langt brevsifte. Dei tvo vart nære vener, og ein kunne tru av brevi at Marie vona på friarmål frå Peder, - men i allfall vart det ikkje slik. Det var ikkje tidlegare enn jולי 1862 då songen "Jeg er saa glad hver Julekveld" som etter kvart vart folkekjær, nesten som ei folkvise (i eldre salme- og

Fedrelandssalmen

Bergens Tidende fortel den 11. desember 2007 at SV vil ha slutt på at fylkestinget i Sogn og Fjordane tek til med songen «Gud signe vårt dyre fedreland». Tradisjonen trugne hev fylkespolitikarane opna tingseta med å syngeja den kjende fedrelandssalmen. Det meiner SV-målsmannen Heidi Kathrin Osland det må verta slutt på.

– Vi må tenkje på at vi som fylkesting for Sogn og Fjordane representerer alle. [...] Dette dreiar seg [...] om respekt for andre, hævdar Osland.

Ja, no ventar me berre på at det vert utlyst tevling um ein ny og inkluderande fedrelandssalme, orsak, multikulturell og religion-snøytral territorialsong må det vel heita, med referansar til FN og menneskerettane helder enn Gud og fedreland. Og naturleg nok på språkrådsgodkjend samlagsnormal, og ikkje på arkaisk og nasjonalromantisk Aasen-mål, som kann gjeva folk fårlege idear um det reine og usulka norske.

At framlegget jamvel kom frå nynorskbastionen Sogn og Fjordane, stadfester vel berre det gamle ordtøket um at det er frå sine egne ein skal ha det. I debatten som fylgjer på BT sine heimesidor er det mange sinte innlegg, og dei aller fleste debattantane segjer frå i klare ordelag um kor langt ut på vidotta det nemnde framlegget må vera. Frå ein nynorsk femtekolonist fær me derimot høyra fylgjande:

"Som venstreradikal er eg einig med SV i denne saka. Ei passende strofe til å opne fylkestingsmøta med, måtte bli med varierende kampsongar frå arbeidarrørsle og klassekamp gjennom tidene, og gjerne nokre av dikta til Rudolf Nilsen. Vår trauste radikale diktar som i sterke ordelag skildra klassekampen her i landet for snart 90 år sidan."

Dvergemålet

melodibøker stod det ofte ikkje ei einaste opplysning um kven komponisten til denne lille salmemelodien var), var offentleg framført av eit kor for allerførste gong - nemleg ved innviingi av Skåtøy kyrkje i Bamble. Diverre fekk Peder Knudsen ikkje leva lengje i Ålesund - han døydde berre året etter, like før jol 1863, 44 år gamal. Men den litle vakre jolesalmen hans, derimot, fekk leva eit langt og lukkeleg liv. Manuskopi av songen sin sendte Knudsen i eit brev til ein av sine vener med etternamnet Hougen. (Fiolinisten Per Bolstad fortalde at hans far som også var i venskap med Knudsen, fann manuset millom Knudsens etterleivder, det var kort tid før Knudsen døydde.) Ein annan ven, Feragen, fekk vitja den ovannemnte Hougen ein dag og sjå og høyra songen. Andreas Feragen, som var lærar, skulde vera med i Christiania i den komité som skulle arbeida ut eventuelle framlegg til ei ny lesebok. So, etter tildriv frå Feragen, fekk Wexelsens dikt med Knudsens melodi fyrst koma inn i "Læsebog for Folkeskolen og Hjemmet" av P.A. Jensen i 1863, Knudsens dødsår, og deretter vandra vidare i mange fleire lese-, song-, salme- og melodibøker, m.a. i Landstads Reviderte Salmebok og den noverande Norsk Salmebok, og ikkje minst i tallause jolenotehefte for piano og andre instrument til musikkskuleundervisning. I 1933 kalla John Stene denne salmen i si bok "Vår evangeliske salmeskatt: en liten hjelp til innførelse i våre nye salme-

bøker" for "vår uforlignelige julesang", og den store forfattere Ronald Fangen kalla "Jeg er saa glad hver Julekveld" for "en av de mest geniale julesalmer som finnes i Skandinavia". Jo, denne jolesalmen kryssa Noregs grenser og vart like kjend og folkekjær både i Danmark og Sverige for lengje sidan. Med tallause norske emigrantar kryssa han Atlanterhavet og i Amerika fekk ein minst tri engelske umsetjingar. Komponistane nordmannen Rudolph Magnus Forwald og danske Emil Juel-Frederiksen hadde laga fine pianoparafrazer yver Knudsens melodien ved århundredskiftet. I 1906, fem år før Marie Wexelsen døydde i Trondheim 79 år gamal, fekk diktet hennar seg "nynorsk drakt" av Bernt Theodor Anker og kom i "Songbok for Sundagsskule og Uppbyggjingsmøte" av biskop Bernt Støylen det same året, og seinare i Nynorsk Salmebok.

Peder Knudsen er gravlagd på Ålesund kyrkjegard. Gudbrandsdølen vart sunnmøring for godt. På gravmonumentet hans stend det klårt skrivi at det akkurat var han som komponerte melodien til "Jeg er saa glad hver Julekveld".

Tusen takk til orgelkonsulenten og målmannen Stein Johannes Kolnes for alle opplysingar!

Kjeldor

Kr. R. V.: "Jeg er så glad hver julekveld", Sunnmørsposten, 22.12.1945.

Attergjevi i: Medlemsblad for Norges



Grava til Peder Knudsen på Ålesund kyrkjegard, mai 2004.

Organistforbund, nr. 10, 1948.

L(ars) Aa(nestad): Knudsen, Peder, Kristen Sang og musikk, bd. 2. Oslo, 1965.

Jac. Røken Ødegaard: Barnas egen julesang. Frå "Den fantastiske Juleboken", 1991.

Elin Huseby: Jeg er så glad hver julekveld, Nettbiblioteket - Bergens Offentlige Bibliotek.

Foto: Alex Kurbanov.

Mediaspråket - "fikk betalt for"

Av Thoralf Bergwitz

Fikk betalt for, eller "fikk ikke betalt for" er eit ordlag som me høyrer tidt og ofte i massemedia - ikkje minst i NRK - men der er dei meistarar yver alle meistarar i å føre ein supergod korrekt ordlegging og ordval, so det er vandskeleg å nå fram med kritikk der.

Av samanhengen i det som reporteren elles segjer, so skynar me truleg det som reporteren meiner å segja, men det er fordi me (folk flest) ser med velvilje på den ravgalne ordleggingsmåten til reporteren.

Ordet - betalt - er eit gjerningsord dvs. eit verbum - eit verbum i perfektum partisipp - og eit verbum er ikkje noko som me kann få - eit verbum er ein handling - det er noko som me gjerer -

noko som me utfører - og soleis slettes ikkje noko som me kann få.

Det å "få betalt for" - er soleis ein meiningslaus ordleggingsmåte. Og det er stendigt sjølve ekspertisen i å bruke tungemålet - dei som hev sitt livsgrunnlag i å bruke tungemålet - som framfører denne meiningsløysa - ikkje berre ein gong, men gong på gong. Me høyrer dette ordlaget kvar dag - og gjerne mange gongjer kvar dag.

Det hev beint fram hopa seg upp med meiningsløysur i det språket som dei fleste av oss nordmenn nyttar som skriftmål i dag - det språket som me kallar bokmålet, men sant å segja - so ligg ikkje ikkje dagens nynorsk-skrivarar langt etter, men når det er vorti slik med

upplæringen av tungemålet, at nær sagt alt skal vera "god norsk"- so vert sjølvkritikken nær null - og skriftmålskulturen - og derved òg talemålskulturen vert utarma - og meiningsløysune veks fram som paddehattar.

Høgnorsk

Målet som ikkje vil døy:

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>

Dei forsvara Pol Pot

Av Olav Torheim

*Peter Frøberg Idling:
Pol Pots leende,
Bokforlaget Atlas,
2006.*

Den tolvte august 1978 reiste ein svensk delegasjon, med den kjende skribenten Jan Myrdal i spissen, til Pol Pot sitt Demokratisk Kampuchea. Til liks med eit fåtals andre utlendingar hadde dei fenge lov til å sleppa inn i det stengde landet, landet med den mest radikale kommunistiske revolusjonen som verdi hadde sett. Når dei kjem heim, er dei fulle av lovord um det kambodsjanske regimet, som dei meiner er eit fyredøme for andre land.

Snaudt eit halvt år seinare kjem det fram at nærare tvo millionar menneske, fjordeparten av folkesetnaden, er vortne avretta eller hev døytt av slavearbeid, svolt og sjukdomar, under Pol Pot sine drjuge tri år og eit halvt år med makti.

Peter Frøberg Idling er fødd i 1972, og han voks sjølv opp i ein huslyd der foreldri var aktive kommunistar og Kampuchea-aktivistar. Eitt av dei fyrste barnsminni hans er at han vart køyrd ikring i sportsvogni si, tri år gamal, og hørde foreldri ropa slagord i ein demonstrasjon mot Henry Kissinger og USA sin politikk i Sudaust-Asia. I den same demonstrasjonen var det appell frå ein talsmann for det kambodsjanske regimet, ein mann som sjølv vart avretta av regimet då han stutt tid etter reiste attende til heimlandet sitt.

Det Idling freistar finna ut er korleides velutdana svenskar, spesialiserte på Sudaust-Asia, kunde reisa gjennom eitt av dei mest ufemnande masseparti i moderne historie utan å sjå noko av det. I jakt på svar hev Idling søkt opp dei svenskane som var med på den nemnde reisa, og det syner seg at dei i dag hev sers ulike syn på det som hende.

Kva segjer dei til sitt forsvar?

Idling hev skrive brev til Jan Myrdal, reiseleidaren, og bede honom um eit intervju um saki, men Myrdal svarar at han hev skrive so mykje um saki tidlegare at han ikkje hev noko å leggja til. Som til dømes artiklar der ofri for Pol Pot-regimet vert jamførde med franske kollaboratørar som vart likviderte på gata etter frigjeringskrigen i 1944. Når Idling svarar at han hev lese alt det Myrdal hev skrive um saki, og framleis hev spørsmål som han vil ha svar på, hører han ikkje noko meir um saki.

Dei hine som var med på reisa er derimot meir velviljuge, og kring helvti av dei segjer seg viljuge til å vera med på eit intervju. Det er i dag ingen av deim som framleis freistar forsvara Pol Pot-regimet, og dei hævdar sjølve at dei inkje visste um den grufulle nedslaktingi som gjekk fyre seg.

Forfattaren gjeng langt i å tru dei på deira ord. Ikkje minst av di det på denne tidi var eit stort problem at Pol Pot-regimet ikkje vilde sleppa journalistar inn i landet. På den eine sida hadde ein den offisielle propagandaversjonen, på hi sida rapportane frå stødt fleire flyktningar - flyktningar som fortalde ei heilt onnor historie enn den offisielle. Dette førde naturleg nok til mange spekulasjonar um kva som gjekk fyre seg. I 1976 publiserte til dømes Sydney Morning Herald bilæte av raude khmerar som avretta sivile, bilæte som seinare vart prova å vera falske. Og eit intervju som ein italiensk journalist det same året hævda å ha gjort med den kambodsjanske statsjefen, Khieu Samphan, synt seg på same måten å vera konstruert. Ei onnor historie, som hev versert i vestlege media heilt fram til i dag, er rapportane um at Raude Khmer etter inntoget i Phnom Penh systematisk tok livet av alle som hadde brillor. Helder ikkje denne forteljningi hev rot i røyndomen.

Det som er klårt er at det både under Vietnam-krigen og seinare i Kambodsja var ufemnande propaganda frå bae sidor, og det kom til eit punkt der dei aktivistane som hadde teke stoda for kommunismen ikkje lenger trudde på dei nyhendemeldingane som kom fram. I 1977 kasta til dømes den kjende amerikanske lingvisten og samfundsdebattanten Noam Chomsky seg inn i ordsiftet, og han gjekk langt i å taka parti for dei som hævda at rapportane frå Kambodsja um tortur, utsvelting og nedslakting var skremselspropaganda. Millom svenske vinstre-radikalarar var det ei vanleg oppfatning at media dreiv ein "hetskampanje" mot det kambodsjanske regimet.

Hedda Ekerwald er ei av dei som forfattaren hev tala med. Ho fortel at Demokratisk Kampuchea vart hennar hovudinteresse frå 1977. Ekerwald fortel at ho fyrst og fremst ynskte å engasjera seg i kampen mot USA-imperialismen. Det viktugaste var etter hennar syn å få slutt på USA si krigføring. Det var seinare at engasjementet hennar kom på ville vegar. Ho jamfører seg sjølv med ein kjernekraftsven som framleis hev tru på kjernekraftkonseptet,

jamvel um ein etter 1986 må taka Tsjernobylnedsmeltingi med i reknestykkjet. Kommunismens offer er nøgje bokførde, segjer ho, men kven hev freista bokføra alle ofri for kapitalismen og imperialismen, og for den strukturelle valden som den rådande verdsordningi representerar?

Gunnar Bergstrøm er ein annan utsending som forfattaren hev tala med. Bergstrøm kallar i dag den kambodsjanske revolusjonen for ein "skrivebordsrevolusjon" der ein handfull personar med "xenofobisk verdsbilæte" sette fram utopiar "fullstendig utan tanke på menneske". Bergstrøm var yvertydd Pol Pot-sympatisør både då han kom til Demokratisk Kampuchea, og då han kom attende, men det var sumt han hadde sèt og høyrte som gav grobotn for tvil. Seinare melde han seg heilt ut or den kommunistiske rørsla.

Kambodsja frå kongedøme til militærstyrer

På 1970-talet eksisterte det eit aktivt svensk-kambodsjansk venskapssamband. På same måten som med andre kommunistiske regime, til dømes det sosialistiske Albania, var det i vinstre-radikale krinsar ei sterk interesse for statar og land som stod på rett sida i "kampen". Seinare hev interessa for desse landi dabba av, samstundes med at andre stridar og konflikter er komne i fokus, og det er i grunnen synd, for mange av desse landi hev ei sers forvitneleg soga, både frå gamal og moderne tid.

Ein av veteranane i kambodsjansk politikk dei seinste seksti åri er prins Norodom Sihanouk. Sihanouk var opphavleg konge i Kambodsja, men abdiserte på midten av femti-talet av di grunnlovi ikkje gav honom løyve til å involvera seg so mykje i politikken som han sjølv ynskte. Den aldrande faren hans, som aldri hadde interessert seg for politikk, tok yver titelen som konge, medan Sihanouk sjølv heldt fram som statsminister og prins.

Sihanouk styrde landet som ut det skulde vera hans eigen private butik, til dømes regisserte han filmar som vart spela inn på staten si rekning, og gjerne med soldatar frå heren som statistar, men i motsetnad til mange andre korrupte diktatorar engasjerte hans seg samstundes aktivt med å byggja ut landet, med helsestell, skular, vegar og annan infrastruktur. På papiret var landet eit demokrati med fulle borgarrettar for alle, men dei sterkaste kritikarane av regimet hadde ein tendens til å koma i klamm

meri med tryggingspolitiet. Etter måten mange leidande vinstreopposisjonelle vart dømde til fengselsstraffer, sume vart myrda og stødt fleire gjekk under jordi og tok til å organisera motstandskamp.

Prins Sihanouk freista å halda ei nøytral lina i høve til Vietnam-krigen. Likevel var Sihanouk nær ved å verta avsett i ei rad ulike kuppfreistnader, orkestrerte frå Sud-Vietnam og Thailand, som han mistenkte at USA stod attum. I 1959 kom det tvo pakkar med "presangar" til slottet hans. Pakkane var adresserte til mor hans, men vart opna av den kongelege hovmeisteren. Det var ei bomba som bles ut heile romet og drap tri menneske.

Etter dette var Sihanouk yvertydd um at CIA freista styrta honom, og stilltegjande gjekk han med på å hjelpa Nord-Vietnam i konflikten med USA. Samstundes med at krigen stod på som verst i Vietnam, gjekk det fyre seg ei umfemnande våpen-smugling gjennom Kambodsja, frå hamna i Sihanoukville til den sokalla Ho Chi Minh-vegen. Då prins Sihanouk i 1970 var på utanlandsreise til Frankrike, tok general Lon Nol makt i eit militærkupp. Nokor direkte amerikansk innblanding i kuppet let seg ikkje ettervisa, men CIA kjende til kupp-planane og let vera å åtvare prinsen.

I byane var folk leide av prins Sihanouk, men på landsbygdi hadde Sihanouk framleis høg status, og spontane demonstrasjonar braut ut. Lon Nol svara med å senda ut heren, som meia ned demonstrantane med kulesprøytor (miltraljøsor).

Frå militærdiktatur til "Demokratisk Kamputchea"

Lon Nol starta ein militær kampanje for å få jaga dei vietnamesiske kommunistane ut or Kambodsja, men snart var offensiven snudd til ein forsvarskamp, med di halve Kambodsja vart okkupert av vietnamesiske opprørarar. I april 1970, månaden etter maktyvertakingi, gjekk amerikanske og sudvietnamesiske styrkar inn i Kambodsja for å nedkjempa kommunistane. Åtaket kom like yverraskande på Lon Nol-regimet som på dei vietnamesiske kommunistane. Og åtaket vart ikkje berre halde i løynd for Lon Nol: Den amerikanske grunnlovi slær fast at det berre er kongressen som kann lysa krig, og president Nixon innsåg at han ikkje kunde få dei folkevalde til å stydja ein invasjon i Kambodsja. Difor starta han like godt krigen på eige tildriv, og hævda i ettertid at det ikkje var nokor utviding av krigen til Kambodsja, men snarare ein freistnad på å få avslutta krigen i Vietnam.

Det amerikanske engasjementet

var ikkje langvarande, snarare var det ein stuttvarande aksjon som hadde til fyremål å få stabilisert Sud-Vietnam nokolunde fyre dei drog seg heilt ut or Sudaust-Asia. Og etter at amerikanarane var ute or landet, heldt den kommunistiske motstandskampen fram. Den 17. april 1975 var det slutt for Lon Nol. Hovudstaden Phnom Penh vart innteken utan sverdslag av kommunistane - Raude Khmer, som prins Sihanouk hadde valt å kalla dei, og som dei sidan er vortne heitande på folkemunne. Raude Khmer vart tekne imot som frigerarar då dei kom.

Raude Khmer, leidde av den til då ukjende Saloth Sar, med dekknamnet Pol Pot, byrja straks arbeidet med å tømme byane for folk. Det finst ulike slags forklåringar på kvifor: Ei mogleg forklåring er at dei var rædde for at det gamle regimet med studnad frå CIA vilde starta ein motaksjon med base i byane. Ei onnor forklåring er det at landet var krigsherja og infrastrukturen øydelagd, og at byfolket laut ut på bygdi um dei ikkje kort og godt skulde svelta i hel.

Eit kollektivistisk rissamfund

På landsbygdi vart byfolki sette til å arbeida på rismarkane. Det meste av risen som vart produsert gjekk til utanlandseksport. Pol Pot hævda etter ei tid at landet var vorte sjølvforsynt, men realiteten var at dei fleste arbeidsfolki fekk altfor lite mat, og stødt fleire svalt i hel. Um utsveltingi var ein medviten taktikk eller um det var eit resultat av rangslegen politikk er framleides uvisst. Det som er sikkert er at dei ulike kollektivi hadde planar dei laut nå for kor mykje ris dei skulde levera. Produserte dei ikkje nok ris, tok dei av den risen som arbeidsfolki skulde liva av. Og neste år vart dei gjerne pålagde å levera endå meir ris, sidan dei året fyrr hadde greidd å nå den opphavlege målsetnaden. På denne måten laut folk arbeida stødt meir for stødt mindre mat. Og dei som ikkje arbeidde hardt nok vart straffa med daudedom - aller helst vart dei slegne i hel med stokkar eller hakkor slik at ammunisjonen vart spard.

Når den svenske delegasjonen vitja Phnom Penh i 1978, som fyre krigen tok til hyste 600.000 menneske, hadde byen 30.000 ibuarar att. Dei fleste var folk som arbeidde i partiet sitt toppskikt.

I det nye regimet skulde menner og kvinner liva kvar for seg. Ekteskap skulde gjerast med Organisasjonen si godkjenning, og brudlaup vart haldne kollektivt utan vidare feiring. Ofta skulde arbeidet halda fram som vanleg rett etterpå. Samstundes vart folk oppmoda um å få so mange born som råd var.

Sume stader vart familiane kløyvde upp. Born eldre enn seks år laut bu åtskilde frå foreldri sine, og vart sende på organisert barnarbeid. Når dei sumtid fekk gjesta foreldri sine var det ei ambivalent oppleving. Borni sin lojalitet var ikkje lenger til stades, dei var vortne Organisasjonen sine små spionar.

Organisasjonen ser og høyrer alt

Det var ein upersonlegdomskult i det nye regimet. Same kor mykje Pol Pot var kveikt av Stalin, Mao og Kim Il Sung, ynskte han ikkje å symbolisera revolusjonen. Fokus skulde vera på Organisasjonen. Og kor totalitært det nye kambodsjanske regimet verkelegt var kom snart for dagen. I alle kommunistparti er det til dømes vanlegt at partikadrane både kritiserar og tek sjølvkritikk. Dette for å kunna korrigera seg sjølve og andre. I Demokratisk Kamputchea fekk sjølvkritikken eit anna innhald. Organisasjonen visste i utgangspunktet alt um deg, og sjølvkritikken var soleides einast til for å stadfesta at ein var ærleg og sanna mistaki sine.

Det kambodsjanske kommunistpartiet vart grunnlagt i byrjingi av 1950-talet, men i 1976 slo Pol Pot fast at partiet hadde vorte skipa i 1960, og partiet vart med eitt slag ni år yngre. Pol Pot hadde sine grunnar til å umskrieva partisoga, for 1960 var året då han vart vald inn i toppskiktet åt partiet. Året 1960 markerte samstundes slutten på den vietnamesiske innverknaden på dei kambodsjanske kommunistane. Etter Pol Pot sitt syn var Vietnam ute etter å skapa eit slags indokinesisk Sovjetunionen, og det vilde han ikkje vita noko av, nasjonalist som han var. Med den nye datoen frå 1960 såg det ut som revolusjonen åt dei raude khmerane var deira eige verk. Kommunistiske veteranar, som på 50-talet hadde kjempa på liv og daude i jungelen for den kommunistiske revolusjon, protesterte mot sogeumskrivningi. Dei protesterande veteranane vart førde til regimet sitt torturfengsel S-21. Under tortur "sannkjende" dei at partiet var vorte skipa i 1960. Dinæst vart dei avretta, skulda for å vera vietnamesiske infiltrørar.

Statsterroren

S-21, som tidlegare var ein skule med namnet Tuol Sleng, hev vorte synonymt med tortur og daude. So lenge Pol Pot-regimet

Sank ein tingar til
Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

stod ved lag, var det sers fæe som kjende til at fengselet eksisterte, men her vart 14.000 menneske sende til avhøyr, tortur og avretting. Det var likevel ikkje nokon serskilt unik institusjon. På landsbygdi fanst det ei rad fengsel der folk vart torturerte og avretta, det var berre dei viktugaste fangane som vart sende til S-21. "Staden der ein gjeng inn, men aldri ut", som partifunksjonæra i nærleiken av fengselet lakonisk pla segja det.

På slutten av 1970-talet byrja thailandsk marihuana å verta sterkt etterspurd i USA, med ein av dei høgste prisane i verdi. Dei amerikanske eventyrarane Lance McNamara og James Clark hadde bygt sin eigen båt, og i 1978 fekk dei ideen um å fara yver Stillehavet, fylla båten med stoff og tena seg rike på narkosol.

Utanfor den kambodsjsanske kysten vart dei borda av ein kambodsjsansk patruljebåt. Dei vart førde til S-21, fotograferte, torturerte og avretta, skulda for spionasje. Nokon dødsdato er ikkje skriven ned, men dei kann godt ha vore i live i torturfengselet då svenskane var på vitjing.

Det var fyrst i 1980 ein ven av Lance McNamara fekk nyss um kva som hadde hendt. Han reiste til Kambodsja, og vitja Tuol Sleng - i von um å ein slags fred med seg sjølv. Konfrontert med blodige torturreidskapar og stablar med daudingeskallar fekk han eit nervøst samanbrot.

Det kambodsjsanske systemet var tufta på tysting. Um tri personar nemnde det same namnet var det nok til å få personen arrestert. Med tortur var det ikkje vandslegt å få fram listor yver kontrarevolusjonære. Dei torturerte oppgav alle dei som dei kjende. Og var ein fyrst arrestert, so var det umogleg at Organisasjonen hadde arrestert nokon utan grunn. Ein gjorde best i å fyrst som sist sanna ugjerningane sine, vart det sagt i avhøyr, elles vanka det endå meir tortur. Både det kommunistiske S-21 og det nazistiske Auschwitz var utrydjingslæger, men i S-21 trudde dei at dei kunde få noko ut or fangane fyre dei var pinte i hel. Dei rekna med at det fanst leidetrådar i den framtorturerte informasjonen. Kann henda kunde han leida til kjernen i den konspirasjonen som dei trudde truga regimet.

Dødstali

Utrekningane av talet på drepne ymsar frå 750.000 til tri millionar. Talet på menneske som vart avretta ligg ein stad millom nokre hundrad tusund til meir enn ein million. Den store uvissa skriv seg frå at det ikkje finst tilgjengeleg statistikk. Utrekningane baserar

seg på gissingar. Den siste pålitande folketeljingi vart gjord i 1962, då folkesetnaden talde 5,7 millionar menneske. Seinare kann ein berre spekulera i folkeauken. Kanskje 2,2 prosent pr år?

I 1969 tok USA til å bomba landet. Kor mange vart drepne då? Sume segjer 50.000, andre 500.000. Og sidan kom borgarkrigen, dinæst Pol Pot-regimet med avrettingar og utsvelting. Og etter at regimet fall, vart det endå ein svoltkatastrofe.

Spelar det nokor rolla um det var 750.000 eller 3.000.000 som døydde? Ein kann ikkje segja at 2,3 millionar menneskeliv er uviktuge. Men skulde brotsverki vera mindre ålvorlege um berre 750.000 miste livet?

Utviklingi etter 1978

Dei kommunistiske leidarane i Hanoi lika ikkje utviklingi i Demokratisk Kamputchea. Vietnam hadde valt å orientera seg mot Sovjetunionen, som låg i konflikt med Kina, og Vietnam vilde ikkje under noko umstende ha eit kinesisk lydrike langs vestgrensa si. Historisk set hadde Kina dominert Sudaust-Asia, og Vietnam gjorde seg difor ingen illusjonar um kva Kina vilde med studnaden sin til Pol Pot. I 1978 invaderte dei landet, med det fyremålet å setja inn eit nytt Vietnam-venlegt regime.

For Vietnam-rørsla i Vesten var konflikten millom Vietnam og Kambodsja ein sterkt desillusjonerande konflikt. Vietnam hadde vore symbolet for at eit lite folk kunde reisa seg mot ei stormakt. Med invasjonen i Kambodsja i 1978 var det Vietnam som var vorte "undertrykkjaren". Men for maoistar kringum i verdi var innmarsjen samstundes det endelege provet på at Sovjet-venlege Vietnam hadde synt sitt "sanne andlet". Å halda fram å stydja Pol Pot sin kamp var soleides naturlegt.

Frå fjellmassivi i grensetraktene mot Thailand heldt Pol Pot fram kampen etter den vietnamesiske invasjonen i 1978. Thailand vart deira nye allierte, studd av so vidt ulike land som USA og Kina. Men i 1981 vart Kambodsjas kommunistparti nedlagt. I staden lanserte Pol Pot og hans nestkommanderande Nuon Chea ein upolitisk "nasjonalarmè", med einaste fyremål å halda fram geriljakrigen mot dei vietnamesiskstудde styresmaktene. I ei samtala mange år seinare fortel Pol Pot at "[m]e valde kommunismen for å frigjera landet vårt. [...] Men no krigar kommunistane mot oss. Difor lyt me venda oss til vestmaktene og slå inn på deira veg".

Fyrst i 1998 var borgarkrigen i Kambodsja endeleg slutt, det same året som

Pol Pot let livet. Det var ikkje fyrste gongen det var rapportert at Pol Pot var daud, men denne gongen var meldingi endeleg. Året fyreåt, I 1997, tok kambodsjsanske styresmakter kontakt med SN for å få stabla på føtene ein domstol der ein kunde føra rettssak mot dei som var andsvarlege for massebordet. Her skal dei sentrale leidarane som framleides er i live få svara for ugjerningane sine - millom desse Khieu Samphan. Domstolen kjem millom anna til å fastsetja korleides Pol Pot-regimet sine brotsverk skal kategoriserast. Um det er tala um at nasjonale minoritetar, som kinesarar og vietnamesarar, eller religiøse grupper, som dei kambodsjsanske muslimane eller buddhistmunkane, vart forfylgde meir enn andre, kann det koma på tala å døma dei for folkemord. Kor som er so kann den komande sakførsla vonlegt til å få fleire fakta på bordet um kva som verkelegt hende millom 1975 og 1979.

Avslutning

Det må til slutt nemnast at forfattaren hev sett boki si saman på ein nokso spesiell måte. Boki er kløyvd upp i heile 259 ulike nummererte småstubar, og rekkjefylgja av dei ulike stubbane kann for ein utanforståande verka meir eller mindre slumpe-sam. I den eigne augneblinken er me i Phnom Penh på 2000-talet, i den neste er me hjå Pol Pot og studiekameratane hans i Paris på 50-talet, so er me med forfattaren når han leitar i bøker og blad frå den vinstre-radikale foreldreheimen, og innimillom dukkar det stødt upp nye fragment av kommunistisk propaganda, historiske hendingar og tragiske menneskelagnader. For meg som les kjennest det som eg er med på forfattaren sin eigen research til det som skal verta ei bok, og det er trulegt det som er meint med. Eit originalt grep, som gjer det spanande å fylgja forfattaren, men det gjev boki likevel den veikskapen at ho stend att meir som ei datainnsamling enn som ein analyse av det som gjekk fyre seg. Etter å ha lese boki er eg framleis ikkje akkurat imponert yver det som den svenske reisedelegasjonen hev havt å segja til sitt forsvar 25 år seinare, og me fær helder ikkje vita kva forfattaren sjølv tykkjer um orsakingsfreistnadene deira.

Den kambodsjsanske rettsuppgjerdi som siglar upp i desse dagar kann kanskje hjelpa oss med å få eit svar på kva som var meiningi med å drepa og svelta ut so uhorvelegt mange menneske. Derimot kjem ho neppe til å gjeva oss noko nærare svar på kva som fekk vestlege vinstre-radikalarar til å stydja massebordarane. Den siste boki um dette temaet er nok neppe skrivi enno.

Det politisk korrekte Sverige

Av Lars Moe

John Järvenpää:

Politisk korrekthet - Likriktning, åsiktsförtryck och dikotomisering,

Reson Produktion, 2006

Kva vil det segja å vera politisk korrekt? Dei seinste åri er det vorte publisert ei rad artiklar og bøker der ein gjeng nærare inn på umgripet politisk korrektskap. "Politisk korrekthet" av John Järvenpää er ei svensk bok som so langt hev vore lite påansa i media her i landet. Det einaste undantaket hev vore den samfundskritiske netstaden HonestThinking.org. Helder ikkje desse hev kome med nokor melding av boki, men Anfindsen-brørne som driv netstaden hev i ein kommentar slege fast at "[v]i nøyer oss med å si at dette, så langt vi kan bedømme, er en bok som holder høy akademisk standard, og som gir grundig dokumentasjon på hvilket intellektuelt hykleri man ender opp med når ærlig og redelig debatt, forskning og sannhetssøken byttes ut med politisk korrekte dogmer."

Og rett skal vera rett - flestalle påstand som Järvenpää fører til togs er underbygde med referansar, som anten er avisutklipp, bøker eller publiserte vitskaplege artiklar.

Politisk korrektskap som huglag og metode

I boki si freistar Järvenpää å skildra ovringi politisk korrektskap, PK, og korleis dei som er politisk korrekte ter seg i høve til mangkulturalismen - ideen um eit "fleirkulturelt samfund". Järvenpää argumenterar for at PK-fenomenet både representerar eit huglag og ein metode. Desse tvo sidone åt PK-fenomenet kompletterar einannan med di PK-metoden hev til fyremål å fremja PK-huglaget, samstundes med at kritiske motlegg vert bringa til tystnad. Ein raud tråd i boki er forfattern sin argumentasjon for at kjernen i den politiske korrektskapen er dikotomien: Den politisk korrekte dikotomien inneber eit alt-eller-inkje-huglag, der ein anten er for eller imot, ven eller fiende. På denne måten vert komplekse samfundsspørsmål og vanskelege dilemma - der det som oftast ikkje finst noko endelegt fasitsvar - reduserte til lettøyselege spørsmål der den eine sida i konflikten er god og den andre er vond, og der dei fleste framgangsmåtar er godtekne so sant dei hev til fyremål å hjelpa fram den "gode" sida.

Ein sovoren dikotomiseringsprosess er lett å påvisa i spørsmål som gjeld mangkulturalismen, meiner Järvenpää. Prosessen er særskilt tydeleg i spørsmål um diskriminer-



ing eller spørsmål som gjeld vestleg historieskriving. Til dømes gjeng tendensen i spørsmålet um historieskrivingi ut på at vestlege menneske vert kollektivt skuldlagde for urettar som vart gjorde i farne tider. Kolonialisme og slavehandel er døme på urett som vestlege land hev gjort seg skuldige i, og som me difor kann gjera godt att for med å føra ein liberal innvandringspolitikk. At innvandraran ofte kjem frå muslimske land som sjølve var aktivt med på slavehandelen i Afrika vert derimot mest aldri tematisert.

Den vakne lesaren hev trulegt notert seg at Järvenpää so langt hev gjort mange av dei same observasjonane som den norske sosiologen Sigurd Skirbekk gjorde i 1999 med boki "Ideologi, myte og tro mot slutten av et årtusen". Her påviste Skirbekk millom anna at den andre heimskrigen er vorten nytta på ein mytisk måte i dagsens innvandrings- og integreringsdebatt. Ved å føra konfliktlinone i innvandringsdebatten attende til krigens dagar, og slå innvandringskritikarane i jambreidd med rasistar og nazistar, fær dei innvandringsliberale eit moralsk yvertak - med di innvandringskritikarane vert utdefinerte frå ordskeiftet, og det fyre argumenti deira er vortne prøvde i sakleg debatt. Jamvel um Järvenpää hev valt å nytta andre ord, som PK-fyremål, PK-metodar og dikotomisering, er kjernen i analysen den same: Dei politisk korrekte hev bygt upp ein ideologi som vert studd upp um med mytedanande sogeskriving, fortetta til ein kamp millom dei gode og dei vonde, og der mange av fyrestellingane snarare må segjast å vera baserte på tru meir enn på faktisk kunnskap.

Tvo politisk korrekte nasjonaldagstalar

Järvenpää kjem med ei rad døme på korleis den politiske korrektskapen ovrar seg i dagsens Sverige, og han startar med å referera frå ei tala Gøran Persson heldt i Södertälje på den svenske nasjonaldagen i 2005. På nasjonaldagen skulde ein normalt tru at fokus vart sett på den svenske saga og vern um den svenske eigenarten, men Persson si nasjonaldagstala er snarare ein hyllest til "det nye Sverige", som skal verta eit mangkulturelt samfund:

"...vi samlas för att fira Sverige och för att hylla de värden och värderingar som Sverige bygger på...en tid som utmärks av globalisering [---] Sverige har blivit något annat än Sörgården, falukorv och timotej-flickan som springer över ången. [---] Idag är det mycket mer exotiskt än när jag växte upp. [---] nya gränslösa värden [---] Och allt vanligare blir det att man har ett dubbelt medborgarskap. Sverige är också i den meningen mångkulturellt, flernationellt. [---] öppna, kunniga och internationellt engagerade. Det är just detta som gör Sverige unikt. [---] Sverige ska vara ett Sverige för alla. [---] Vårt land berikas nu med en enorm mångfald av kulturer, traditioner, religioner och språk. Det kommer att göra vårt land ännu bättre. [---] där vi låter oss berikas av varandra. Det är allas vårt ansvar att det blir så. [---] Rädslan för det främmande, för förändringens baksidor, får aldrig innebära att vi sluter oss. [---] Vi ska fortsätta att vara öppna för världens vindar. Vi ska fortsätta att välkomna det nya."

Endå um Persson stutt nemnar "förändringens baksidor", vert konklusjonen at multi-kulturalismen på det jamne alltid må verta "berikande". Dei politisk korrekte umtalar stødt nye og framandkulturelle ovringar som "berikande", same kva denne rikdomen gjeng ut på. Dei problematiske sidone kjem ein sjeldan inn på, desse vert i beste fall i den politisk korrekte nytala umtala som "utfordringar" ein må taka hand um.

På den same nasjonaldagen heldt riksdagsmannen Bjørn von Sydow tala i Stockholm. Her hævda von Sydow milom anna at det svenske demokratiet stod for "øppenhet och tolerans", og på denne dagen ynskte han velkomen "alla nya människor som berikat landet". Dette klårgjorde han med at innvandraran generelt gjev oss "ökad välförstånd".

Um ein ser på arbeidskraftinnvandringi som merkte Sverige på 1950- og 1960-talet so kann ein trulegt gjeva von Sydow rett i at

innvandringi hev gjeve auka velstand. Men den største framandkulturelle innvandringsbylgja - med flyktingar og asylsøkjjarar som i alle fall på papiret ikkje fyrst og fremst er komne for å arbeida - hev vore i ei tid då det svenske "folkhemmet" - med sitt sterke sosiale tryggingssystem - hev vorte nedbygt. Arbeidsløysa er vorti umfemnande, ikkje minst millom sume innvandrargrupper, og dette fører til pårøyningar for trygdesystemet. At innvandring generelt gjev "økat vâlstand" er soleides eit påstand ein kann stella spursmål ved. Men dersom folk konkret spyrr etter tal eller fakta som skal underbyggja kva Sverige hev tent eller tapt på innvandringi, svarar dei politisk korrekte med moralsk forarging yver at ein skal freista mæla menneske i kronor og øyre. Slikt er å setja grupper opp mot einannan, hævda til dømes tidlegare riksdagsledamot (riksdagspresident) Lars Stjernkvist, og understrika samstundes at alle menneske hev same verde.

At alle menneske hev same verde, og at dei som treng hjelp bør få det, det meiner forfattaren åt denne boki med, men det må vera lov å spyrra etter ein rekneskap for kva denne hjelpi kostar. Til dømes er det fullt mogleg å diskutera kva sjukestell, eldreomsut, barnevern osv kostar samfundet i kronor og øyre, utan at ein med det vert skulda for å nekta nokon deira grunnleggjande rettar. Ikkje so reint sjeldan er det ei avgrensa mengd ressursar som må bytast ut på alle desse umkvervi, so kvifor skulde ikkje det same gjelda flykting- og asylpolitikken? Ikkje minst vert spursmålet um kostnader interessant når ein veit at ein kann hjelpa langt fleire i heimlandet for dei same pengane som ein kann um ein tek inn nokre fåe innvandraran. Då vil ein både vera med på å løysa problem i heimlandet samstundes som ein slepp å innføra nye innvandrings- og integreringsproblem i Sverige. Umvendt so løyser ein ingen av dei grunnleggjande problemi i opphavslendi med å sleppa nokre fåe einskildindivid inn i Sverige. Derimot skaper ein nye problem som motakarlandet lyt handskast med.

Politisk korrekt demokratiforståing

Når von Sydow hævdar at det svenske demokratiet stend for "øppenhet och tolerans", stend han saman med mange andre politisk korrekte som freistar setja likkaps-teikn millom mangelkultur og demokrati. I ein riksdagsdebatt i 1999 tala justisminister Laila Freivalds um ein nyskipa statleg komite. Um denne komiteen sa ho at "[d]år ska frågor behandlas som rör demokrati, tolerans och mänskliga rättigheter..." I same stil heldt leidaren i Folkpartiet, Lars Leijonborg, fram med at "Sverige kommer aldrig mer att bli ett enhetligt samhälle; vi kom-

mer att ha en mångfald. Det gör livet rikare. Låt oss slå vakt om demokratin och toleransen."

Men demokrati er ikkje eit sett med haldningar, som "øppenhet och tolerans", det er kort og godt ein måte å styra landet på - eit system der politikarane si fremste oppgåva å representera veljarane sine, so landet kann verta styrt i samsvar med folkeviljen. Og eit fleirtal av svenskane hev i flestalle meiningsmølingar dei seinste 20 åri sagt at dei tykkjer innvandringi er for stor. Politikarane hev dessutan neglisjert næringslivet som dei seinaste 30 åri ikkje hev etterspurt meir arbeidsinnvandring.

Dei politisk korrekte plar segja at dei som er misnøgde med politikken som vert førd kann røysta på eit anna parti. Men dette er lettare sagt enn gjort sidan alle riksdagspartii i Sverige sluttar upp um den innvandringspolitikken som vert førd i dag, og småparti som er kritiske til denne politikken hev ofta vorte møtte med lite demokratiske metodar. Dei seinste tjuge åri finst det nok av døme på at personar som hev nytta ytringsfridomen sin hev vorte forfylgde - i media av det politisk korrekte etablissementet og på gata av vinstre-radikale aktivistar. Innvandringskritiske lesarbrev vert som regel refuserte og gatemøte vert øydelagde av bråkmakarar. Det er nok ikkje for ingenting at eitt av dei innvandringskritiske småpartii her heime i Noreg hev valt å kalla seg Demokratane.

FN-organet UNHCR meiner at medborgarane sine krav på kontroll med kven og kor mange som slepp inn i landet er fullt legitime og må respekterast. Til dømes hev Finland teke inn langt færre innvandraran enn det Sverige hev gjort, og Japan hev snaudt havt nokor asylrelatert innvandring å snakka um i det heile. Demokratiet Israel er eit anna land som tillempar ekstremt strenge innvandringsreglar, og som helder ikkje gjeng av vegen for å nytta etnisitets-kriterium for kven som fær lov å sleppa inn i landet. Alle tri landi er døme på stabile og velfungerande demokrati, og skulde soleides syna at eit land kann vera demokratisk utan at det treng å verta mangelkulturelt.

Misbruk av umgrip, slik som her med demokratiumgripet, hev vore eit utbreidd fenomen hjå dei politisk korrekte sidan umdaningi av Sverige til eit mangkulturelt samfund tok til på 1960-talet. Dette umgripsmisbruket er ein av grunnkomponentane i den politisk korrekte metoden, hævdar forfattaren.

Politisk korrekt brotsverkspolitikk

Etter det tilgjengeleg forskning fortel, finst det eit samband millom arbeidsløysa og kriminalitet. Kor som er so gjekk store skarar med svenskar arbeidslause på 1920-

og 1930-talet utan at kriminaliteten auka nemnande. I til dømes Göteborg var oppklæringsprosenten for etterforska brotsverk mest hundrad prosent i desse tvo tiåri, endå personalstyrken innanfor kriminaldeildi berre talde eit titals mann. På 1950-talet var talet på politimelde brotsverk sju gonger lægre enn det var ved årtusundskiftet. Serskilt grove brotsverk som til dømes gruppevaldtekte fanst ikkje i det heile.

Ei forklåring på den aukande kriminaliteten, attåt arbeidsløysa, må difor kunna finnast i normuppløysingi, som forfattaren meiner heng i hop med mangelkulturalismen. Dette er naturleg nok eit påstand som framtidig forskning hev til gode å dokumentera, men det er kor som er ein konsekvens av den mangelkulturelle ideologien at borgarane misser den referanseråma dei ein gong hadde i ein sams svensk kultur - og soleides burde det ikkje koma som ei yverrasking um tradisjonelle svenske normer og verdiar vert løyste upp. Statistikken syner dessutan at serskilt ved grove brotsverk er innvandraran sterkt yverrepresenterte. Ein statistikk som likevel ikkje segjer den fulle og heile sanningi med di utlandskætta brotsmennar som hev fenge svensk pass vert førde upp som "svenske" gjerningsmennar, og det jamvel um dei er fødde i utlandet. I samband med dette gjekk den kjende psykiateren og psykologiprofessoren Sten Levander I 2005 ut i media og hævda at "censur utövas för att rapporter ska passa regeringen".

Sidan midten av 1990-talet hev tusundtals svenske ungdomar vorte rana på gata av kriminelle innvandraran. Ofte hev gjerningsmennene medvite valt ut svenskar som sine ransoffer (um dette er av di gjerningsmennene hev rasistiske haldningar til svenskar, eller um det berre er av di det er mindre sannsynleg at ein svenskætta ungdom er med i ein gjeng som er trugande til å gå til motåtak, segjer forfattaren inkje um, men det finst neppe tilgjengeleg forskning på det helder). Normalt skulde ein tru at statsmakten vilde setja foten ned og verna ungdomane sine mot valdsmennene, men i staden sette styresmakten i år 2000 det "Brottsförebyggande rådet" til å utarbeida ein rapport der dei fyrst og fremst var redde for at dei forulempa ungdomane skulde utvikla innvandringskritiske haldningar:

Undersökningsresultaten visar att en mycket stor del av skolungdomarna [4500 st] har egna eller närliggande erfarenheter av ungdomsrån. [...] De fysiska, psykologiska och ekonomiska konsekvenserna till trots är det ändå frågan om inte den allvarligaste konsekvensen av ungdomsrånen kan bli en alltmer invandrarfientlig inställning i ungdomsgenerationen, en grogrund

för ökad vardagsrasism och i extrema fall ett ökat engagemang i grupperingar med invandrarfientliga ideal.

(Begler/Anderson for Brottsoförebyggande rådet, DN-Debatt, 160300).

Politisk korrekt datahandsaming

I 2004 hadde kring 1,9 millionar menneske av totalt ni millionar innvandrarbakgrunn. Med andre er er drjuge 20 prosent av folkesetnaden anten fødde i utlandet eller hev minst ein av foreldri som er det. Av desse er nærare helvti av utanuropeisk opphav. I Malmø hev det sidan 1999 vore ein majoritet av innvandrara i aldersgruppa 0-17 år, og Mohammed er det vanlegaste namnet på nyfødde gutar. Utrekningar basert på statistikk frå FN syner at svenskane kjem til å verta minoritet i eige land ein gong millom år 2056 og 2117. Thomas Lindh, framtidsforskar på Institutet för framtidsstudier i Stockholm, meiner at alt i 2050 kjem dagsens Sverige "inte längre att finnas". Men ikkje nok med det: Jamvel integrasjonsministeren Jens Orback gjeng ut frå at svenskane fyrr eller seinare kjem til å verta ein minoritet. I eit intervju med Sveriges Radio P1 den 9. november 2004 slo han fast at "[v]i måste vara öppna och generösa mot muslimer och islam för när vi blir i minoritet kommer dom att göra likadant tillbaka mot oss". Men underlegt nok vert det avvist som skremselspropaganda når innvandringskritikarar hævdar nett det same.

Slik sett minnar utsegnene frå integrasjonsministeren litt um det same utspelet som Kåre Willoch kom med då han i eit intervju i Dagbladet den 9. september 2007 hævda at "antallet innvandere i Norge i dag er som forventet. Vi ble forelagt [sic] slike scenarier allerede for 19 år [siden] - så vi visste hvor det bar hen". Då det seinare kom spørsmål frå netstaden HonestThinking.org um kvar han hadde fenge "forelagt" desse prognosane, vart det tyst. Visst er det i alle fall at SSB på 1980-talet kom med langt



John Järvenpää

lågare prognosar for framtidig innvandrarfolkesetnad enn det dei gjer i dag.

Dei seinste åri hev titusundtals svenskar flutt frå Malmø by til utkantkommunane. I år 2000 vilde kommunen finna ut av årsakene til utflytjingi, og eit spyreskjema vart etla ut til alle dei som melde flytjing det året. Av dei 70 prosentane som svara var det ingen majoritet som oppgav innvandringi som årsak - berre 17 prosent gjorde det. Men at "berre" 17 prosent oppgav innvandring som årsak til utflytjingi hadde ei veldig greid forklåring - det fanst ingen rubrikk der ein kunde kryssa av for "innvandring" som mogleg årsak! Ein kunde kryssa av for "brottslighet", "otrygghet", "skolgång för barnen" osv, men ikkje "innvandring". Det som stod um innvandring var kommentarar som utflytjarane sjølve hadde skrive inn i spyreskjemaet.

Europeisk oppvakning?

Dei seinste åri hev det vorte rapportert um korleides innvandrara frå muslimske land gjeng til åtak mot vitale funksjonar i dei europeiske samfundi dei lever i. Upplaupi i Frankrike hausten 2005, som tok seg upp att med ein ny runde i november 2007, hadde karakter av eit slags borgarkrigsliknande tilstand. Tusundtals bilar vart brende, til liks med skular og kyrkjer. Butikkar vart

plundra, politiet vart skotne på og andre uskuldige vart mishandla og jamvel myrda. Jamvel i Sverige hev liknande scenor spela seg ut. I forstader i dei største svenske byane hev brannmenn og ambulanspersonell kome ut for åtak når dei hev rykkd ut for å hjelpe til i samband med brannar og ulukkor. I utlandet vert stoda rekna som so ålvorleg at det amerikanske TV-selskapet Fox i desember 2004 laga ein halvtimes lang reportasje um saki. Ikkje ein gong i ghettoa som Harlem i USA er det so ille at bergingspersonell kjem ut for åtak. I krig er sjukepersonellet alltid freda, men ikkje i Sverige ved årtusundskiftet.

Medan mangkulturalismen er fastrøtt i det svenske politikarskiktet, byrjar stødt fleire av dei høgste politikarane i dei europeiske landi å reagera mot honom. Dette speglar seg ikkje berre av i det at det sit innvandringskritiske parti i regjeringane i Europa. Når Angela Merkel i desember 2004 vart attvald til partileidar for dei tyske kristelegdemokratane, slo ho fast at "det mangkulturelle samfundet er dømt til å mislukkast".

Eitt av dei skarpaste innleggi var det presidenten i Tsjekkia, Vaclav Klaus, som våga å bera fram. Til den tsjekkiske dagsavisa Mlada fronta Dnes slo han i 2005 fast at mangkulturalismen er eit tragisk mistak som kjem til å kosta den vestlege sivilisasjonen dyrt. Klaus hævda vidare at den liberale innvandringspolitikken var med på å leggja til rettes for åtak frå radikale islamistar, og at mangkulturalismen er ein falsk ideologi som nektar dei opphavlege borgarane i vestlege land deira grunnleggjande rettar.

Heilt på tampen av dette stykkjet vil eg difor slå fast at tilskotet frå John Järvenpää er eit nyttigt verkty for alle som ynskjer å analysera bøker, artiklar og offentlege ordskifte i tidi som kjem. Um mangkulturalismen kjem til å kosta oss dyrt, so er det likevel lov å vona at europearar flest kjem til å vakna - fyre prisen vert altfor høg.



NYNORSK 
ANTIQUARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Fyrste bandet av saga åt slaveriet - Part 2

Av Lars Bjarne Marøy

Målmannen presenterar andre bolken i bokmeldingi åt saga um slaveriet. Den fyrste bolken stod på prent i nr 5/07. Red.

Millomalderen

Slavehandel vert gjerne tilskrive antikken og ikkje millomalderen, men det vil ikkje segja at slavehandelen tok slutt under millomalderen. Heilt fram til seinantikken hev me godt med kjeldor på slavehandel og trulegt er husslavar mest utbreidde under yvergangen til millomalderen. Det fyrste ein må merka seg med slavehandelen når ein gjeng frå å studera slavehaldet i antikken til å studera slavehaldet i den europeiske millomalderen, er at ein gjeng frå å ha slavar i eit stor imperium til å ha slavar i mindre konge- og hertugdøme. Kjeldone frå 400- og 500-talet ser heilt like ut med det som ein hadde fyre denne bolken, meiner Harrison.

Harrison meiner at det er meir uklårt korleis slavehaldet hev vorte organisert. Det er brest på opplysningar um produksjonstilhøvi. So lenge dei gamle antikke storgodsi vart ståande, meiner Harrison at det var heilt naturleg at ein heldt fram med slavehaldet som fyrr. Yvergangen frå slavesamfund til feudalsamfund vert understreka av mange historikarar, serleg marxistane, men når gjekk denne yvergangen fyre seg? Det fyrste dømet på samfund med ein sentral hovudgard og ein periferi med rentebetalande bønder stammar frå 500-talet i Padua i Nord-Italia, men det er eit isolert tilfelle som berre kann leggjast til grunn for vage hypotesar. Deretter drygjer det tvo hundrad år fyre me fær meir informasjon.

Men på hi sida er det helder ikkje serleg mange kjeldor som borgar for at det fanst massar av slavar som arbeidde på storgods. Det finst derimot eit utal med kategoriar av jordbruksarbeidarar som ser ut til å ha vore halvfrie, frie, slavar eller heilt frie. Det gjer det vandsleg for ein notidig historikar å finna ut korleis slavesystemet kann ha fungert. Kjeldone er knytte til millom anna lovsamlingar og frankiske og galloromerske testament. Slavehald vart ikkje under noko umstende problematisert i dei kjeldone me hev. Det vart godteke.

Det finst tvo teoriar um kva tid det storskalige slavehaldet kann ha teke slutt. Den franske historikaren Marc Bloch meiner at slavehaldet kvarv som storfenomen på 700-800-talet. Ein seinare fransk historikar, Georges Duby, meiner at slavehaldet vart verande ein grunnleggjande samfundsinstitusjon heilt fram til 1000-talet. Båe synspunkti byggjer på veike fundament. Kjeldetilfanget

er som oftast avgrensa til visse regionar i Frankrike. Dersom ein derimot gjeng til England eller Italia, vert det lett å ställa spursmål ved påstandi til dei franske historikarane. Dei fleste etterkrigshistorikarane hev studt upp um Dubys hypotese. Ekspertar på ufridom som hev teke standpunkt til dei tvo historikarane styd som regel Duby.

Harrison meiner at det er tri grunnar som fær honom til å tvila på båe teoriane:

1. Framfor alt er eit halvt millennium for lang tid til at me kann uttala oss lettøyselegt um tufti til heile økonomien. Harrison meiner at me må ha respekt for at det var eit mylder med gardar, landsbyar og byar som vart grunnlagde, utvikla seg og blømde på heile kontinentet på 500 år. Å generalisera yver heile dette tidsromet og kontinentet er uforvarleg.

2. Det held ikkje med punktstudium av ein-skildlandsbyar og greivskap i Frankrike. Kjeldone er for fåe.

3. Det er mange variasjonar. Under antikken levde hus-, jordbruks-, administrasjons-, handverks-, og gruvelslavar under heilt ulike vilkår. Juridiske og sosiale definisjonar kann skilja seg mykje. Jamvel um lovgjevarane vil putta frie og ufrie i ulike båsar, kann dei snøgt koma til å hamna i same bås i samtdi sin praksis. Ufridom hev vorte eit viktig og negativt umgrep i dag. Det er ikkje visst at det var oppfatta sameleis for 1000 år sidan.

Problemet med termen servus

Harrison understrikar endå ein gong at ein må vera varsam med å freista å tolka termar slik dei vart nytta i eldre tider. Han viser til hamburghistorikaren Hans-Werner Goetz som hev gjenge gjennom ei mengd kjeldor frå 700- og 800-talet. Gjennom ein noggrand analyse viser han at det fanst ufrie bønder i det frankiske imperiet, men at dei er vandslege å plassera etter det gamle romerske systemet. Fridom og ufridom kunde skilja seg mykje frå det me i dag oppfattar som fridom og ufridom. Goetz set derimot upp ei trideling av korleis ein servus skulde kunna oppfattast etter den juridiske skipnaden, det sosiale systemet og den økonomiske funksjonen på godset.

Juridisk sett var ein karolingisk servus eit ufritt menneske. Han høyrde til herren sin og vart sett på som noko heilt anna enn ein fri mann. Lovene reflekterte derimot eit eldre samfundssystem. Dei hadde kome til langt tidlegare og vart førde vidare endå samfundet

endra seg.

Sosialt sèt definera ein ikkje servus som ein ufri, men berre som ein som var i ei underordna stoda andsynes godseigaren. Dimed kom termen servi i mange kjeldor til prinsipielt å vera meint for alle arbeidande menneske på eit gods, juridisk frie som ufrie.

Når det gjeld den økonomiske funksjonen meiner Goetz at jamt fleire servi under den karolingiske tidi gjekk yver frå å ha vore botne til godset i seg sjølv til å verta underordna brukarar på egne jordvald.

Den sosiale mobiliteten gjekk båe vegar. Sume servi avanserte til å verta juridisk frie, medan andre frie vart tvinga til å gjera meir og meir arbeid på godset.

Venedig og Genova var mektige statar frå kring 1100-talet og frammyver. Desse statane hadde so store inntekter grunna umsetnaden av luksusvaror at dei kunde føra krig mot einannan med innleigde herar. Venedig kann sjå ut til å ha vore leidande når det gjeld slavehandelen. Kor som er vart det ført slavar frå Balkan. Det finst det kjeldor på frå millom anna 1281. På heile 1300-talet var Bosnia merkt av veike leidarar. Landet vart rekna som eit legitimt mål av di det fanst kjettarar og avvikarar frå den sanne kristne trui der, difor var det ikkje syndig for katolikkane å føra krig der. Då tyrkarane kom inn på Balkan, tok slavehandelen der slutt. Det vart for risikabelt å føra slaveraid der då.

I mange høve vart det drive samarbeid millom ulike slags interessentar um slavehandelen. Det var ei stor investering å skaffa seg slavar og ikkje lett å skipa til trygg forvaring og transport av slavane. Sumtid når eg les Harrison fær eg tokken av at det italienske slavehaldet må ha vore umfemnande. Andre gonger let det til å vera heilt uviktig. I desse bolkan kunde han tviklaust ha skore gjennom og sagt klårare frå um kva som var den røynelege stoda etter hans syn. Han er ikkje god å verta klok på her.

Islam og slavehandelen

Islam var frå starten av ein ekspanderande religion som vann fram med våpenmakt. Ein kann tenkja seg mektige slavar millom slavane i Europa i antikken og millomalderen, men dei kjem ikkje upp mot dei slavane som skulde stå fram i Egypt på 1200-talet. Mamelukslavane greip makti og innførde militærstyre i Egypt. Harrison meiner at det var muslimane som fann upp mamelukane eller slavesoldatane. Ei nyskaping som ikkje hadde funnest fyre islam.

Det grunnleggjande som òg fekk fylgjer

for slavehaldet er det at islam ikkje skilde millom det åndelege og det verdslege liv. Både samvitet åt einskildmennesket og styreskikken i samfundet gjekk innunder islam og sharia-lovgjevingi. Sharia, som tyder vegen til vassholet, hadde lite sams med det lovstellet som kom upp i Europa og den kristne verdi i millomaldaren. Shariaen er æveleg og ubrigdeleg. Det shariaen sa um slavar og slavehald galdt i alle muslimske land under den europeiske millomaldaren.

Innanfor islam ser ein på slavehaldet som ein skipnad som er innsett av Allah. Ein skil millom frie menneske som er slavar under Allah og ufrie som er under både menneske og Allah. Det er Allah som avgjer um menneske skal vera frie eller ufrie. Det er dessutan tvo andre grunnfyresetnader for slavehaldet som lærde islamistar hev arbeidd med å tolka:

1. Alle menneske bør i røyndi vera frie. Fridomen er naturtilstandet. Det er Allah som hev gjort skilnaden millom dei ufrie og dei frie. Men det er ein annan skilnad med, den millom dei rettruande og dei som ikkje er rettruande.

2. Ein sann muslim kann berre gjera dei vantrue til slavar, dei som er ikkje-muslimar og som hev nekta å godtaka muslimsk yverherredøme. Med det meiner ein at dei korkje hev vorte muslimar eller hev svara jizya eller den sokalla dhimmiskatten. Desse menneski er fiendslege vantrue og kann heilt lovleg kjempast ned og gjerast til slavar innanfor råma åt Jihad.

Men dette er i teorien, ikkje i det tilskitna praktiske livet. Eit fleirtal av dei tallause slaveproduserande krigane og slaveraidi som hev vorte gjennomførde i den muslimske verdi hev ikkje havt status av Jihad. Det finst ei rad døme på muslimar som hev vorte gjorde til slavar av andre muslimar. Serleg i dei siste hundreåri i Afrika hev dette vore vanleg.

Etter shariaen er det like fullt heilt klårt at ei kvinna eller ein mann som vert fødd som muslim ikkje kann verta slave under andre muslimar. Islam gjev fridom til og med ved fødselen. I andre kulturar arvar born av slavar statusen som slavar, men ikkje i islam. I praksis kann ein utanlandsk slave gå vyer til islam inngå ekteskap og få born som vert frie. Um ei slavinna fær born med ein muslim vert barnet fritt, og det fær arverett etter faren, for shariaen gjer ikkje skilnad på legitime og ikkje-legitime born. Men når det ikkje kann vera tale um ein arveleg slavestatus, er ein nøydd til å stødt importera nye slavar.

Det er dette som serleg vert interessant å studera i høve til oppbyggingi av mamelukstyret i Egypt. Innanfor dette styresettet var alle dei leidande i byråkratiet og på toppen av samfundet rekrutterte som slavesoldatar.

Slavesoldatane vart plukka ut i ung alder og førde til Egypt der dei vart sette i trening frå unge år og fram til dei kunde brukast som soldatar. Dei kom frå Kaukasus og dei vidstrekke landi nord for svartehavet. Sjølve systemet bygde på eit meritokratiske prinsipp. Dei soldatane som utmerkte seg kunde rykkja uppeter i systemet og til slutt jamvel verta storherskar. Sjølve hoffet kring storherskaren vart bytt ut med herskaren sjølv. Ein ottast for at dei soldatane som hadde tent ein herskar ikkje vilde vera lojale mot den neste herskaren.

Mamelukane si saga tok til i Irak midt i sentrum av det abbasidiske kalifatet. Mamelukinstitusjonen byrja med kvart å slå rot og vart grunnlagd i Spania og Afghanistan. Under dei næraste hundradåri vart institusjonen meir og meir utbygd og ein stor part av dei muslimske valdi (territoria) vart styrde av slavesoldatar. Alle herskarane vart tvinga til å måta seg etter institusjonen sine krav. Skulde ein kunna tevla med grannelandi, laut ein ha like gode og dugande soldatar som deim.

Slavesoldatane fanst yveralt. Me kjenner systemet ikkje berre frå Egypt, men òg seinare i ei litt onnor form innanfor det osmanske imperiet - som Harrison truleg kjem attende til i seinare band, her sluttar han kring 1500.

I andre bandet er han berre so vidt innum det osmanske riket. Han peikar på at osmanarane gjorde sine eigne innbyggjarar til soldatslavar og spara store innkjøpskostnader, jamført med det mamelukane i Egypt laut ut med. Men mange peika på at shariaen ikkje tillet at kristne innbyggjarar som svara dhimmiskatten likevel vart gjorde til slavar. Det var i strid med shariaen, men teori og praksis var ikkje samanfallede i dette høvet.

Slavehandelen og Afrika

Me hev tidlegare sèt på korleis historikarane hev freista forklåra korleis slavehandelen kom upp i Afrika. Karavanehandelen yver Sahara var livsfarleg. Torste, heite, sol og svolt var alle faktorar som måtte meistrast, um ein skulde koma seg vel fram. I regelen var slavehandlarane sud for Sahara der um vetteren og tok seg nordetter i april eller mai. Um sumaren var dei i Nord-Afrika og selde varone sine og gjorde nye innkaup. I september eller oktober reiste dei sudetter att. Målet deira var å halda seg burte frå ørkenen under den kalde vetteren og den ov-varme sumaren. Attåt varone vart det frakta slavar. Nokre slavar kom til byane i Nord-Afrika, andre vart sende yver Midhavet. Det var serleg kvinnelege slavar som vart sende til Europa. Det tyder på at dei svarte kvinnone var attraktive i kjøkenet - og i sengi - hjå europearane.

Kjeldone til afrikansk saga er fåe og hev kome seint fram i dagen. Det gjer at det er

vandsleg å få eit godt bilete av kva som hev gjenge fyre seg. I hovudsak er det dessutan berbarar og arabiske muslimar som gjev oss innsyn i den slavehandelen som gjekk fyre seg i Afrika.

Det fleste vil assosisiera svart hudfarge med slavar i dag. Kvifor?, spyr Harrison. Slavehandelen hev vore verdsuimspennande heilt frå forntidi. Harrison meiner at det er sogeløysa og amerikansk kulturpåverknad som hev ført til at me assosierar slavar med myrk hudfarge. Men det finst ei årsak til: Det er at slavehandelen hev vore større i Afrika enn i andre heimslutar.

Det er mykje som er uvisst um slavehandelen i Afrika. Det som hev skaffa oss kunnskarar um slavehandelen er påverknaden frå islam. Hadde det ikkje vore for honom, hadde me truleg visst lite eller inkjevetta um beltet sud for Sahara. Utan at det hadde vore ein so stor etterspurnad etter slavinnor i arabarverdi, og utan at berbarane hadde sett i gong store karavanar, vert uppsvinget av slaveraid og heile slaveøkonomien vandsleg å forklåra. Afrika hadde fyresetnader for å verta viktig innanfor slavehandelen, men då trongst det maktrelasjonar og handelsnettverk for å gjera fyresetnadene til røyndleg handel. Når stormenner skaffa fram krigsmaskinor med tusundtals væpna hestemenn, såg slavehandelen millom Niger og Tchad-sjøen dagsens ljøs. For tidi fram til umlag 1500 og 1600-talet reknar forskarane med at slavehandelen i Afrika kann ha femna um so mange som oppmot 10 millionar slavar, men tali er sers uvisse.

Avslutning

Harrison gjer grundig greida for nokre av slavehandelsvegane, men er so pass detaljert at det vert vandsleg å få fram nokon hovudessens av funni hans utyver det eg alt hev peika på. Når det gjeld Asia og Osceania er det sers mykje interessant tilfang, der med, men emnet er ikkje nâme nær utforska godt nok enno. Med det søkjande huglaget sitt, gjev Harrison oss alltid lyst til å læra meir, men sume tider skulde eg ynskja at han kunde samanfatta stoffet sitt betre. Han verkar nær sagt allergisk mot modellar og strukturar som kann gjeva oss yversyn og hjelpa oss til å skipa saga inn i periodar og meningsfulle samanhengar. Han avgrensar seg for det meste til å leggja fram kva andre historikarar hev sagt og so vil han straks driva det litteraturforskarane kallar for dekonstruksjon av dei skipingsmåtane som historikarane hev lagt fram. Det finst ikkje nokor nøytral saga, og det er ingen som trur at Harrison er nøytral, jamvel um han gjer gode freistnader på å stella spursmål ved det meste.

Den fyrre boki eg melde for Målmannen, "Förrådaaren, skökan och självmordaren", var langt meir velskipa og lettare å samanfatta. Når det gjeld Slavehandets historia, so er det det å seja at dette er fyrste bandet, og saman-

hengane og strukturane i framstillingi kjem kann henda til å syna seg fullklårt når ein hev lese det tridje og siste bandet i saga. Det er kor som er eit stort og spanande prosjekt Harrison hev sett i gong. Han hev alltid noko nytt på

lager, og eg hev venta i spaning på kva som kjem frå han heilt frå eg vart kjend med honom for fyrste gongen i 2002.

Atlantis - mange meiningar

Av Lars-Toralf Storstrand

Det finst mange synspunkt um kva Atlantis var - eller kva myten byggjer på. Eg skal ikkje gå inn på noko serskilt her, berre nemna nokre fåe døme:

Alan Alford legg i boki "The Atlantis Secret" (Eridu Books, 2001) fram ein tese um at Atlantis var ein mytisk representasjon for underverdi [1].

Russiske forskarar hev drive intenst forskingsarbeid utanfyr spissen åt Cornwall for um moglegt å freista finna Atlantis der [2].

Tanken hev vore lufta um at Azorane representerer dei høgaste fjelltoppane åt Atlantis, og sume hev freista å plassera Atlantis ymse stader i Midhavet [3].

Franske forskarar hev søkt å plassera Atlantis rett attmed Gibraltar [4], og tyske forskarar meiner at Atlantis ikkje er meir enn eit stykkje av den synste spanske kysten som no ligg under vatn, oppetter mot Sevilla [5].

Sume hev ytra tanken at Amerika kann vera Atlantis - og truleg kjem ingen til å nå nokor endeleg slutning.

Det var upphavleg Platon som fyrste gongen presenterte myten um Atlantis. Men kann andre historiske kjeldor som Bibelen eller Snorre gjeva oss nokon leidetråd um kvar hen Atlantis-myten skriv seg frå? Um Atlantis-myten hev ein kjerne av sanning i seg, kann ein ikkje sjå

burt frå at fragment or denne sanningi er å finna andre stader med. Dette er spursmål som eg kjem til å dryfta i neste utgåva av bladet. So fylg med og les Målmannen!

Kjeldor

<http://www.eridu.co.uk/Author/atlantis/>
http://news.bbc.co.uk/2/hi/uk_news/43172.stm

http://en.wikipedia.org/wiki/Location_hypotheses_of_Atlantis

<http://news.bbc.co.uk/2/hi/science/nature/1554594.stm>

<http://news.bbc.co.uk/2/hi/science/nature/3766863.stm>

Var Tarjei Vesaas ein språkfornyar?

Av Thoralf Bergwitz

Det skal vera sagt - av menneskje som gjerer krav på å vera truverdige - at den høgt vyrde forfattaren og diktaren - Tarjei Vesaas - skal ha vori ein språkfornyar. Når det dessutan er kjendt at ein annan granskar hev funni ut - at var det noko den høgt vyrde Tarjei Vesaas ikkje var - so var det ein språkfornyar, må me undrast på um han eller ho - med dette påstandet - freistar å gjeva Vesaas ein heider som han ikkje fortener? Det tykkjest - i det fall - at talsmannen fyr Tarjei Vesaas er komen i den same stoda som pressetalsmannen for no longe avlidne Ronald Reagan kom ut i då den den diktande trongjen fekk makt yver mannen, fortøld Per Egil Hegge i Aftenposten då dette netttupp hadde hendt.

Pressetalsmannen i Det Kvite Huset gjorde seg då skuldig i å gjera det som skaldane i stordomstidi for dei norske kongane og hovdingane - ikkje våga å gjera. Snorre Sturlason fortel i fyritalen til Kongesogune sine m.a.; Det er skaldevis å lova den mest som dei nett stend framfyr; men ingen vilde våga å nemna fyr mannen sjølv verk han skulde ha gjort, når alle som hørde på, visste at det var berre lygn og vas, og han sjølv med. Det vilde då vera spott og ikkje lovord.

Etter som ettermålet åt den vyrde diktaren vår er i ferd med å slå sprungur i og med utsegn um Vesaas som "språkfornyar", vil me som verdset Tarjei Vesaas fyr det han var - og ikkje for det han ikkje var, so tykkjer me det er på sin plass å freiste verja ettermålet hans mot den slags usann ros.

Larry Speakes - som pressetalsmannen fyr Ronald Reagan heiter, han laut taka avskil med eit godt avløn umbod - samstundes som han òg laut taka velfar med sitt gode ry i samheldet. For å verna pressetalsmannen åt Tarjei Vesaas frå å koma i den same stoda som Larry Speakes var so uheppen å koma i, so tek eg ikkje fram namnet hans her.

Det kann elles vera forvitnelegt å fullføre saga um pressetalsmannen Larry Speakes.

Per Egil Hegge fortel at dei verk som Ronald Reagan fekk ros fyr å ha gjort - og som ikkje var sanne, dei var det - jamt og samt - berre Ronald Reagan og pressetalsmannen sjølv som visste at han ikkje hadde gjort. Det verste som denne pressetalsmannen i røyndi gjorde fyr både seg sjølv og Ronald Reagan - det var - då han tydelegvis skulde rette upp misfaringi si - at han gjorde verdi merk-sam på - at det han hadde sagt - var berre

lygn og usanning.

Derimot tykkjer eg - av umsyn til sanningen um sjølv det skriftmålet som Tarjei Vesaas hev fengje slik urettvis heider for - kann det vera verd å taka fram kva ein annan granskar hev sagt um skriftmålet som Tarjei Vesaas - etter kvart nytta i bøkene sine.

No er det so - at når Tarjei Vesaas vert utropa til å ha vori ein språkfornyar, so veit alle som vil vita det - at det ikkje er sandt. Det var difor ikkje noko åtgaumsvekkjande at det kom ein granskingsrapport som kom til den slutningen at - var det noko Tarjei Vesaas ikkje var, so var det ein språkfornyar.

Granskaren hev gjort eit noggrant arbeid, og syner med mange dømi - at det Tarjei Vesaas gjorde med skriftmålet i bøkene sine, var heile tidi å rette seg etter dei offisielle skrivereglane og skrivemåtane som med kvart kom på marknaden. Granskingi syner at han - på ingen måte nya upp att noko som hadde vori fyrr - slik som islendingane, færøyingane og israelittane hev gjort. Me kunde òg taka med finlenderane og engelskmennene i det same rennet.

For her kann me tala um språkfornying! Islendingane hev nya upp att det gamle norrøne tungemålet til eit

B



ISSN-1503-2469

teveført tungemål på alle umkverve. Dei hev framført eit tungemål som hev ry - alle stader - som eit kulturmaal av høg kvalitet.

Færøymålet ligg ikkje langt etter i so måte - endå um det er sumt som klårt syner sitt framande (dansk-tyske) opphav.

Israelittane hev nya upp att det gamle hebraiske målet - eit tungemål som longe hev vori utdøydd. Dei hev gjort det til nasjonalmål i dagsens Israel. Kva enn dei israelske styremaktir i dag vert klandra for - so stend det vyrdnad av det dei hev gjort til nasjonalmål.

I Finland var svenskane herrar i um lag det like store tidsromet som danskekongane var herrar i Noreg. Og på den same visi som dansk var yverklassemaal i Noreg, var svenskemalet det i Finland. Svensk var det einaste skriftmalet i Finland på den same visi som dansk var det i Noreg. Men finlendingane greidde å nya opp att sitt mål - og gav det heimstadretten - noko me nordmenn ikkje hev greidd enno - anten me likar å høyra det - eller ikkje.

I England var engelsk tungemål nær sagt bannlyst som skriftmål. Neppe nokon stad på jordi tykkjest målstriden ha vori so blodig som nett i England. Dette hende etter at den norskætta Vilhelm Landevinnar hadde komi frå Normandie og herteki England (i året 1066) - då den norske kong Harald Sigurdson (Harråde) hadde lidi nederlag for den engelske jarlen Harald Godvinson. Fransk vart styringsmål og kyrkjemalet vart latin, og eit utal av menneskje vart livande brende på bålet for å eiga eller lesa bibelord på engelsk. Men eldhuga engelskmenn dreiv fram att det engelske tungemalet, og soleis nya upp att det som vart nedrivi av utanlandske maktmenneskje..

Kva hev so me nordmenn gjort med tungemalet vårt? Hev me - i det heile - gjort noko for å nye upp att noko av det rotekte norske tungemalet vårt?

Den norske målstriden kviler på ei lygn som vart frambøri i "fridomsåret" 1814... Det var det året den danske kronprinsen - Christian Frederik - som på den tidi - var stathaldar for det danske regimet her i landet - fekk samankalla ei gruppe menneskje her i landet - til det som vart kalla "riksforsamling" - for å gjeva honom kongsmakt yver Noreg - noko som faktisk lukkast for den maktgire fyrsten, men som han likevel - berre nokre fåe månader seinare, måtte gjeva frå seg.

Dette året vart eit ulivsar for norsk tungemål - med di det var i dette året det vart sét eit nytt namn på danske tungemalet - attåt dansk. Det danske tungemalet fekk namnet norsk for dei som tala og skreiv dette målet i Noreg. Noko tilsvarande hev aldri hendt på heile jordkula vår - utanum med det engelske tungemalet som vert nytta som nasjonalmål i Sambandstatane i Amerika. Etter at engelsk hev vori nasjonalmål i USA i ov mange år, so hev amerikanarane etter kvart flikka ørlite grann på målet sitt slik at det finst visse målmerki som gjerer at dei kann skilja nasjonalmålet sitt frå det engelske målet som er nasjonalmål for folket i England - og dessutan for resten av folket på jordkula - som alle freistar å leggje seg etter det engelske tungemalet som vert tala og skrivi i England. For folk utanfor sambandstatane vert tungemalet der upptatta som engelsk.

Når det gjeld det danske tungemalet, so var det ingen skilnad på ortografien og skrivereglane til bruk i Danmark og Noreg. Argumentasjonen var at "me nordmennene" hadde like stor rett til å kalle språket for norsk som dan-

skane hadde til å kalle det for dansk.

Det paradoksale med at bokmalet - enno i dag - berer nemningen NORSK - er i det heile ikkje av di at dette målet inneheld norske innslag av ord eller setningsbyggnad - nei - årsaki ligg i berre det at det vart gjort eit vedtak i året 1814 - at det danske språket skulde heita NORSK når det vart tala og skrivi i Noreg. Og grunn-gjevingi var - at nordmenn hadde like stor rett til å kalle det sams skriftmalet i Noreg og Danmark for Norsk som danskane hadde til å kalle språket for Dansk.

Soleis gjekk det til - at då norske talsmenn - i 1814 - dryfte vilkåri med den svenske styresmakti - um ein sams kongje - då kravde dei norske talsmenn at nordmenn måtte hava lov til å halda ved lag sitt eige språk - som då var det danske skriftmalet.

Dette var ein måte å syne si nasjonal-kjensle på - som nok hadde sine skeptiske røyster - i både Danmark og Noreg - som med kvart stillna av - etter di makti heldt seg og stødt auka hjå dei som heldt ved lag danemalet. Slik at vanlege reglar for namnsetjing av eit tungemål - det korkje var eller er gjeldande for det norske folket.

Den moglege "språkfornyng" - uppatt-taking av det norske tungemalet - hev alltid havt den tunge majoriteten å strida imot. Verre er det at dei som tykkjer me er komne langt nok med blandingsmalet - er endå verre motmenn å stridast med i striden for å vinna att det tapte. Måtte augo öppnast for fleire til å sjå den verdfulle rikdomen som ligg det rotnorske tungemalet vårt. Og det ligg enno att store verdiar i talemålet i mange bygdemaal. Men skal det verdfulle få rom i litteratur og tale, so må det koma klare rettleidingsreglar som må vera samordna frå øvste hald.

Sluttordet:

Mektigast er han som hev makti yver seg sjølv.

Seneca

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen